




HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Utviklingstrekk i Hordaland

Kunnskapsgrunnlag for regional planstrategi 2016-2020

AUD-rapport nr. 2-16



Utgivar: Hordaland fylkeskommune,  
Seksjon for forskning, internasjonalsisering og  
analyse: <http://www.hordaland.no/aud>

Tittel: ”Utviklingstrekk i Hordaland –  
Kunnskapsgrunnlag for regional planstrategi  
2016-2020”

Namn/Nr: AUD-rapport nr. 2-16  
<http://www.hordaland.no/aud-rapportar>

Dato: 26.02.2016

Forfattarar: Martin Tvedt (red.)

Kontakt: [martin.tvedt@hfk.no](mailto:martin.tvedt@hfk.no); tel: 55 23 95 33

## Innhold

Forord.....	4
Samandrag.....	5
Befolkninga i Hordaland .....	7
1.1    Folketalutvikling.....	7
1.2    Alder, fruktbarheit og levealder .....	9
1.3    Innvandring.....	12
1.4    Bustad.....	14
1.5    Pendling.....	17
2    Økonomisk utvikling .....	19
2.1    Næringsstruktur .....	19
2.2    Sysselsetting .....	23
2.3    Utdanningsnivå.....	25
2.4    Nyetableringar.....	26
2.5    Næringsklynger.....	27
2.6    Eksport.....	28
2.7    Handel .....	30
2.8    Privat økonomi .....	31
2.9    Offentleg økonomi .....	32
2.10   Forsking og utvikling.....	34
3    Sosial og kulturell utvikling.....	35
3.1    Sosiale indikatorar .....	35
3.2    Gjennomføring i vidaregåande skule .....	37
3.3    Barn i barnehage .....	39
3.4    Vedvarande låginntekt .....	40
3.5    Arbeidsløyse .....	41
3.6    Sjukefråvær .....	42
3.7    Uføretrygd .....	43
3.8    Valdeltaking.....	44
3.9    Kulturbesøk .....	45
3.10   Kriminalitet.....	46
4    Miljø og naturressursar .....	48
4.1    Klimaendringar .....	48
4.2    Klimagassutslepp og luftforureining.....	52

4.3	Biologisk mangfold .....	55
4.4	Arealforvaltning.....	61
4.5	Naturressursar.....	66
4.6	Kulturminne.....	70
4.7	Friluftsliv .....	73
5	Kjelder.....	74

## Forord

Regional planstrategi skal peike på dei viktigaste utfordringane i fylket, setje langsiktige mål for utviklinga og ta stilling til kva spørsmål som skal takast opp gjennom vidare regional planlegging. Ein viktig del av dette arbeidet er å beskrive dei historiske utviklingstrekk i fylket. Denne rapporten er meint å framheve statistikk frå ei rekkje område som saman skaper eit solid kunnskapsgrunnlag i det vidare arbeidet med planstrategien.

Innhaldet er organisert i fire delar. Kapittel 1 tek føre seg folketalsutviklinga, både historisk og forventa utvikling samt innvandring, bustadutvikling og pendling. Kapittel 2 omhandlar økonomisk utvikling og inkluderer mellom anna næringsstruktur, sysselsetting, utdanningsnivå, utvalde næringer og FoU. Kapittel 3 ser på den sosiale og kulturelle utviklinga slik den kjem til syne ved mellom anna gjennomføring i vidaregåande skole, arbeidsløyse, sjukefråvær, valdeltaking og kriminalitet. Kapittel 4 omfattar miljø og naturressursar i eit breitt perspektiv der klimaendringar, utslepp, biologisk mangfald, naturressursar, arealforvalting og kulturminne inngår.

Denne rapporten skal kunne nyttast til å avdekke på kva område Hordaland har spesielle utfordringar i tida framover, men óg til å faktasjekke etablerte oppfatningar av korleis tilstanden er i Hordaland.

God lesing!

Bergen, februar 2016

Kathrin Jakobsen

Leiar, Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse

## Samandrag

Ein av ti personar i Norge er busett i Hordaland i dag. Innan 2040 vil det være 700 000 innbyggjarar i fylket. Dette vil påverke behovet for nye bustader og bustadtyper. Dei siste ti åra har det vore ein hovudvekt av innvandring frå Europa og arbeid er blant dei viktigaste grunnane til at folk kjem til Hordaland. Samstundes er det ein pågåande flyktningstraum frå Midtausten og Europa som særleg utfordrar mottakssystemet gjennom auke i talet på busette i asylmottak.

Syssettinga i fylket dei siste åra viser at helse og olje har vore dei viktigaste bransjane fram til 2014. Talet på lærlingar er høgt samanlikna med andre fylke og det er flest lærlingar innan tekniske fagutdanningar. Den noverande konjunkturedgangen har ført til auka ledigheit og det er særleg menn, unge og høgt utdanna som i sterkast grad er råka. Gjennomføringa i vidaregåande skole viser at det er store forskjellar mellom yrkesfag og studieførebuande program. Om lag ein av tre går ut i lære.

Hordaland er svake på bruken av FoU (Forsking- og utvikling) i næringslivet. I tillegg er det få nyetableringar. Det er sterke næringsklynger, mellom anna innan energi og maritim og marin. Eksporttala viser at andre varer har kompensert tapet av oljeinntekter til ein viss grad, hjulpet fram av ein lågare kronekurs. Tal for økonomien i kommunesektoren viser at halvparten av kommunane ligg over det anbefalte nivået der driftsresultatet ikkje bør vere lågare enn 2 % av inntektene.

Klimaendringane er alt synlege gjennom eit våtare og varmare klima no samanlikna med normalperioden 1961-1991. I åra som kjem er det venta at temperatur og nedbør vil auke. Dette vil auke faren for øydeleggjande naturfarar som skred og flom, der indre strøk av fylket er særleg utsatt. Som med naturfarar er det regionale forskjellar i havnivåendring der ytre og nordlege strøk vil oppleve den største havnivåstigninga samt auka storleik og frekvens av stormflo.

Klimautsleppa er aukande og det er prosessutslepp frå industrien som utgjør størsteparten av dei samla utsleppa. Sidan 2009 har det vore størst auke i utslepp frå energiforsyning, dieseldrivne kjøretøy og prosessutslepp frå industrien. Hordaland tronar heilt øvst på utsleppsstatistikken av fylka i Norge etterfølgt av Rogaland. Luftkvaliteten dei siste ti åra har vore dårleg i Bergen, men problemet kan òg vere aktuelt fleire plassar i fylket.

Utviklinga i biologisk mangfald viser at fleire økosystem er utsett. Kulturlandskapet endrar seg som følgje av endringane i jordbruket og mangel på skjøtsel. Arter i fjellområda er utfordra av klimaendringar medan vassførekomstane er påverka av sur nedbør og reguleringar. Fleire fjordar er underlagt kosthaldsråd grunna forureining. Ingen vassdrag i Hordaland har oppnådd målsettinga om god kvalitet for villaksstammene.

Arealstatistikken viser at det er mindre bygging i strandsona samanlikna med tidlegare. Aktiviteten er høg i nasjonal samanheng, men med ei lang kystline er det ein liten del av strandsona som er nedbygd. I sentrumsområde er det nedgang i tettleik og tilsette utgjør nå over dobbelt så mange som dei busette.

Hordaland er rikt på naturressursar som vasskraft, men det er eit press på attverande ressursar då store deler av vasskraftpotensiale alt er utbygd. I tillegg er fylket fattig på stadegen sand og grus til byggjeføremål og frakt av desse råstoffa er krevjande. Akvakulturnæringa er blant dei største i

landet, både i omsetning og når det gjeld arealbruk. Problem knytt til lakselus med påfølgjande medikamentbruk og rømmingar kan påverka naturen negativt.

Ein tredel av kulturminna i fylket krev vedlikehald og arkeologiske kulturminner krev skjøtsel. Tal for testkommunane Samnanger og Bømlo viser at ein førebels ikkje har nådd målsettinga om å avgrense tapet av kulturminner.

# Befolkninga i Hordaland

## 1.1 Folketalsutvikling

- Hordaland er landets tredje største fylke
- Folketalsveksten er størst i kystkommunane
- Nettoinnvandringa har stått for den største delen av folkeveksten dei siste åra
- Innan 2040 vil Hordaland passere 700 000 innbyggjarar

### Tredje største fylke i landet


Ved inngangen til 2016 var det 516 497 innbyggjarar i Hordaland. Dette svarar til 9,9 % av innbyggjarane i landet og fylket er det tredje største i landet målt etter folketallet.

Dei siste ti åra har vekstraten for Hordaland auka frå rundt 0,7 % pr. år i perioden 2003-2006 til rundt 1,45 % mellom 2008 og 2015. Dette er høgare enn landet som har en vekst på 1,25 % i same periode. Bergen står for den største delen av auken i fylket, med 51,8 % av veksten.

### Størst vekst i vest

Ser ein på regionane, er det Vest som opplev størst vekst med 2 %, etterfølgt av Bjørnefjorden (1,7 %) og Nordhordland (1,6 %). Hardanger er einaste region som har hatt nedgang i denne perioden.

Dei fleste kommunane i Hordaland har hatt positiv folkevekst dei seinare åra (sjå figur 1). Ei rekkje kommunar ligg over det nasjonale snittet (2014-2015), dette gjeld òg fleire hardangerkommunar. Den største veksten finn ein likevel blant kystkommunane og omlandskommunar til Bergen.



Figur 1: Gjennomsnittleg årleg befolkningsvekst i perioden 2005-2015, prosent.<sup>1</sup>

<sup>1</sup> [Folketal på kommunenivå frå statistikk.ivist.no](http://statistikk.ivist.no)



### Nettoinnvandringa bidreg til auka folkevekst

Totalt er folketalet i Hordaland venta å vekse med 195 063 innbyggjarar (38 %) frå 31.12.2014 til 31.12.2040 (Hordaland fylkeskommune 2016a). Fylket passerte 500 000 innbyggjarar våren 2013, og er venta å passere 600 000 innbyggjarar seinsommaren 2027. I 2025 er Hordaland venta å ha 587 864 innbyggjarar, og i 2040 er det venta 706 420 innbyggjarar.

Nettoinnvandring har bidrege til den største endringa i folkeveksten dei siste 10-15 åra. Fram til 1998 var nettoinnvandringa på nivå med netto innanlandsk flytting, men har sidan auka kraftig og var omtrent firedobla i 2007. Det er venta at nettoinnvandringa vil utgjere omtrent 60 % av folkeveksten i åra som kjem.


Netto innanlandsk flytting har variert mellom +600 og -600 personar årleg frå 1997-2014. Andre storbyfylke i Norge viser dei same tendensane. I prognosen fram mot 2035 viser denne ei stabil negativ utvikling sjølv om dette truleg vil følgje det same historiske mønsteret.

**Nettoinnvandring** er innvandring minus utvandring

**Netto innanlandsk flytting** er alle flyttingar inn til fylke frå andre stader i Norge minus alle flyttingar ut frå fylket

**Fødselsoverskot** er fødte minus døde

I 2014 vart det fødd 6 226 personar i Hordaland, mens 3 727 døde. Dette gjev eit fødselsoverskot på 2 499. I følgje fylkesprognosen vil fødselsoverskotet stige til 3 432 i 2035. Talet fødte er venta å auke kvart år framover, mens talet døde er venta å halde seg nokså stabilt fram til 2024, for deretter å auke litt.



Figur 2: Figuren viser befolkningsutviklinga i Hordaland, fordelt på fødselsoverskot (fødte minus døde), netto innanlandsk flytting (tilflyttarar minus utflyttarar) og netto innvandring (innvandrarar minus utvandrarar) frå 1. januar 1997 til 31. desember 2035. Kjelde: SSB Statistikkbanken, statistikk.ivist.no. Hordaland fylkeskommune sin befolkningsprognose frå 2015.

## 1.2 Alder, fruktbarheit og levealder


- Snittalderen i fylket stig – store geografiske skilnader
- Eit fleirtal av borna blir fødd av mødrer som har passert 30 år
- Forventa levealder i Hordaland er høg samanlikna med landet elles
- Det er venta ei dobling av eldre over 75 år fram mot 2040

### Befolkninga blir eldre

Gjennomsnittsalderen i Hordaland er stigande og var ved inngangen til 2015 38,7 år. Hordaland har likevel ei relativt ung befolkning samanlikna med landgjennomsnittet som for 2014 var 39,6 år. Befolkningsframskrivingar for Hordaland viser at gjennomsnittsalderen vil vere 40,6 år i 2035 (Hordaland fylkeskommune 2016a). Generelt er snittalderen høgast i indre strok (>43 år) og lågast i ytre strok (36-37 år).

### Lågare fruktbarheit, eldre mødrer


I 2006 blei for første gang eit fleirtal av born i Hordaland født av mødrer over 30 år. På landsbasis skjedde dette allereie i 2002. Det er også verdt å merke seg at mens Hordaland ikkje skilte seg nemneverdig frå landet som heilskap fram til tidleg på 1980-talet, har delen barn født av mødrer over 30 år vore konsekvent lågare her i fylket sidan. Dette var spesielt tydeleg tidleg på 2000-talet. Då var det mellom to og tre prosentpoengs differanse, medan skilnaden i 2014 var på 1,5 prosentpoeng.



Figur 3: Figurane viser del levandefødde perioden 1972-2014 av mødre som er 30 år eller eldre på fødetidspunktet. Kjede: SSB-tabell 06990

Samla fødselstal for kvinner i Hordaland har gått ned år for år og var i 2014 1,79 born per kvinne. Sjølv om indeksen går ned ligg den over landgjennomsnittet som er 1,76. I og med at tal fødselar er høveleg stabilt vil det seie at det blir stadig fleire kvinner i fødedyktig alder i fylket, men dei får færre born og dei får borna seinare.

## Høg forventa levealder




Figur 4: Forventa levealder for menn og kvinner i kommunar og bydelar i Hordaland. Kjelde: [kommunehelse statistikkbank](#)

Den forventa levealderen i Hordaland låg på 78,5 år for menn og 83,6 år for kvinner i perioden 1999-2013 (Folkehelseinstituttet, 2015). Dette er noko høgare enn landsnittet både for menn og kvinner. Det er Kvam som har den høgaste forventa levealderen i Hordaland på 86,1 år for kvinner. I andre enden finn ein Eidfjord som har den lågaste forventa levealderen i fylket på 75,4 år for menn. Det er Granvin som har den minste forskjellen i forventa levealder mellom kvinner og menn på 2,7 år etterfølgt av bydelane Ytrebygda (3,3), Fyllingsdalen (3,9) og kommunen Austevoll (3,9).

## Dobling av eldre over 75 år

Fordelt på aldersgrupper, er den største nominelle veksten frå 2014 til 2040 venta å kome blant 40-59-åringar (+43 605) (Hordaland fylkeskommune 2016a), deretter 25-39-åringar (+38 907) og 75-99-åringar (+37 604). Minst vekst er venta å kome blant 15-24-åringar (+14 385). 15-24-åringar er òg den gruppa der det er venta minst relativ vekst (berre 21 %). Størst relativ vekst er venta å kome blant 60-74-åringar (44 %) og dei over 75 år (107 %). Det er altså venta ei dobling i talet over 75 fram mot 2040.

## Befolkninga i Hordaland




**Figur 5: Befolkningspyramide for Bergensregionen til venstre og resten av Hordaland til høgre. Kjelde: (Hordaland i tal nr.1, 2015).**

Befolkningspyramidene viser at Hordaland kan vente seg fleire eldre og færre unge i framtida. Medan Bergensregionen har ei «pilform» med tyngden kring 25-30 åringar viser Rest-Hordaland ei «tårnform» med sterkare avrunding i toppen og ei jamnare form. Forskjellane i aldersstruktur er difor venta å forsterke seg i framtida.

### 1.3 Innvandring

- 25 000 fleire innvandrarakar på ti år – Europa dominerer
- Familie og arbeid er dei viktigaste årsakene bak innvandringa
- Del innvandrarakar varierer mellom 4 og 14 % i kommunane
- Tal asylsøkarar meir enn dobla på eitt år



Figur 6: Førstegangsinnvandrarakar i Hordaland 2005-2015, etter verdensdel. Kjelde: SSB

#### Fleirtalet av innvandrarakarane kjem frå Europa

Per 1. januar 2015 var det registrert 58 643 førstegangsinnvandrarakar i Hordaland (Statistisk sentralbyrå 2015b). Det er 3 485 fleire enn i 2014 (1.jan). Det er innvandrarakar frå Europa unntatt Tyrkia som står for størstedelen av auken etterfølgd av Afrika og Asia. Ser ein på den prosentvise veksten er det størst auke i innvandrarakar frå Afrika (9,3 %), følgd av Europa, unntatt Tyrkia, (6,9 %) Asia (4,1 %) og Sør-Amerika (4,1 %).

I løpet av tiårsperioden har innvandringa frå Europa auka betydeleg. I 2005 utgjorde desse knappe 10 000, medan gruppa no tel nærare 35 000. Til samanlikning var det i overkant av 7 000 innvandrarakar frå Asia i 2005 mot nesten 13 500 per januar 2015.


Arbeid, familie og flukt er dei viktigaste årsakene bak innvandringa (IMDI 2016). I fleirtalet av kommunane er det arbeid og familie som er viktigaste årsak, sjølv om flukt kan være viktigaste årsak i einssilde kommunar.

**Innvandring** er etter SSB si definisjon flytting frå utlandet. Dette blir registrert i folkeregisteret og krev løyve til opphald. Statistikken omfattar difor ikkje asylsøkarar som kjem til Norge første gang. Ein person kan fysisk sett budd i Norge mange år før registrering av innvandring faktisk skjer hos folkeregisteret.

**Førstegangsinnvandrarakar** er personar fødd i utlandet som innvandrarakar til Norge første gang.


**Asylsøkarar** er personar med asyl eller opphald på humanitært grunnlag. Kjelde: SSB

## Befolkninga i Hordaland



Figur 7: Innvandring i Hordaland 2015, etter årsak (prosent). Kjelde: IMDI

Del innvandrarar i kommunane varierer. Bergen, Ulvik og Austrheim hadde klårt flest med mellom 120 og 140 per 1000 innbyggjarar. Masfjorden ligg nedst på lista med 40 per 1000. Gjennomsnittet i fylket er 87 per 1000.



Figur 8: Innvandrar per 1000 innbyggjarar, 2014. Kjelde: SSB statistikkbanken.

### Nesten 1000 fleire asylsøkarar på eitt år


Ei anna gruppe av innvandrarar er asylsøkarar. Sidan januar 2015 har asylsøkarar i mottak auka med 128 % (956 fleire) i Hordaland (Utlendingsdirektoratet 2016). Per januar 2016 var talet i overkant av 1700 personar busett i mottak. Dette må sjåast i samanheng med utfordringa knytt til den pågåande flyktningstraumen til Europa frå Afrika og Midtøsten.

Tabell 1: Asylsøkere busett i mottak i Hordaland per måned, 2015. Kjelde: UDI

Jan. 2015	Jan. 2016	Endring i tal	Endring i prosent
746	1 702	956	128

## 1.4 Bustad


- Bustadmassen er prega av ein stor del einebustader, særleg utanfor byane
- Det er forventa eit behov for 3 400 nye bustader årleg fram mot 2040
- Eldre kan kome til å eige ein betydeleg del av einebustadene i framtida



Figur 9: Bustadmassen i Hordaland, 2014, fordelt etter bustadtype. Kjelde statistikk.invest.no/SSB

### Høg del einebustader utanom Bergen og Odda

Hordaland er prega av ein høg del einebustader. Bergen, Odda, Voss og Vaksdal er kommunar der andre typar bustader utgjer meir enn 30 % av den samla bustadmassen (Statistisk sentralbyrå 2015a). Til dømes har Odda prosentvis flest tomannsbustader og rekkjehus. I motsett ende finn ein Sund, Fedje og Austrheim som alle har ein einebustad del på over 90 %. Sentrale stork har slik sett ein meir variert bustadmasse, sjølv om del einebustader ligg over 70 % i kommunane rundt Bergen.



**Figur 10: Forventa bustadbehov i perioden 2014-2040 etter type hushaldstype. Kjelde: Fylkesprognose for Hordaland 2016-2040**

### Behov for 88 000 nye bustader


I 2014 var det behov for 217 000 bustader for å huse befolkninga. Innan 2040 er det behov for 88 000 fleire bustader (Hordaland fylkeskommune 2016b). Dette er i snitt ein auke på 3 400 bustader per år.

Bustadkonsumet etter alder og kjønn er halde konstant i prognosen. Alle endringane vil difor skuldast befolkningsammansetninga. Det betyr at det i 2040 vil vere behov for nesten 39 000 fleire bustader for aleinebuande, 23 000 fleire for par utan barn, 15 000 fleire for par med barn, 5 000 fleire for einfamiliehushald med vaksne barn (18 år og eldre), 2 900 fleire for einslege forsørgjarar, 2 100 fleire for fleirfamiliehushald utan barn, og 1 100 fleire for fleirfamiliehushald med barn. I prosent vil det vere størst behov for auke i bustader for par utan barn (48 %), og minst for aleineforsørgjarar (30 %).

Framskrivinga for bustadtype (figur 11) føreset at dagens samansetting av – og preferansar for – bustadmassen er halde konstant, sjølv om dette kan kome til å endre seg i framtida. Det vil seie at nær halvparten av bustadene vil vere einebustader, 23 % vil vere i bustadblokker, 16 % vil vere tomannsbustader, 8 % rekkehus og 4 % bufellesskap. I eit slikt scenario vil det i så fall vere behov for 44 000 fleire einebustader (1 700 per år), 19 500 fleire blokkeiningar (752 per år), 14 000 tomannsbustader (535 per år), 6 500 fleire rekkehus (244 per år), og 3 500 einingar i bufellesskap (131 per år).




## Befolkninga i Hordaland



Figur 11: Framtidig bustadbehov fordelt på bustadtype, 2014-2040. Kjelde: Fylkesprognose for Hordaland 2016-2040

## 1.5 Pendling

- Låg arbeidsplassdekning i mange av omlandskommunane til Bergen
- Størst pendling til Bergen frå kommunane Askøy, Øygarden, Sund og Fjell
- Betydeleg pendling ut av Bergen
- Relativt god arbeidsplassdekning utanfor Bergensområdet



Figur 12: Arbeidsplassdekninga i Hordaland 2014 målt ved arbeidsplassar (sysselette etter arbeidsstad) i prosent av arbeidstakarar (sysselette etter bustad).

### Største pendlingsstraum frå Vest

Tal for 2014 viser at Hordaland har store geografiske variasjonar kva gjeld arbeidsplassdekning (Statistikk.ivest 2014). Bergen har til dømes overdekning av arbeidsplasser og har dermed fleire arbeidsplassar enn det er arbeidstakarar i kommunen, medan omlandskommunar som Os, Samnanger, Askøy, Meland og Sund har låg dekning av arbeidsplassar. Dette syner at innbyggerane i omlandskommunane gjerne pendlar til Bergen for arbeid.

Pendlinga frå Vest er heilt klart størst. Nesten 13 000 pendla inn til Bergen frå desse kommunane i 2014. Kommunar kring Bjørnefjorden, i Nordhordland og Osterfjorden viser det same mønsteret, sjølv om tala er mindre. Dette er likevel ikkje eit eintydig bilde. Kommunar som Fjell, Lindås og Austevoll har òg ein betydeleg innpendling, noko som må sjåast i lys av næringsmansetninga i desse kommunane.

**Arbeidsplassdekninga** er talet *arbeidsplassar* (sysselsette etter arbeidsstad) i prosent av talet *arbeidstakarar* (sysselsette etter bustad). Ei arbeidsplassdekning på meir enn 100% betyr at talet på arbeidstakarar som arbeider i kommunen er større enn talet arbeidstakarar som er busett i kommunen (inklusive dei som arbeider i eigen kommune eller andre stader).

**Pendling** er definert som sysselsette som er busett i ein kommune, men har arbeidsstad i ein anna kommune.

I regionane som ligg lenger unna er det ei jamnare fordeling av pendlingsdestinasjonane. Dette gjeld særleg Hardanger og Voss der førstnemnde har ein hovudvekt av pendlarar som arbeidar utanfor fylkets grenser. Det same ser ein i Sunnhordland då desse kommunane ligg nært og har kort avstand til Haugesundsregionen.

**Tabell 2: Pendlingsmatrise for Hordaland fordelt på bustad- og arbeidsregion, tal for 2014. Kjelde: [Statistikk.ivist.no/SSB](http://Statistikk.ivist.no/SSB) Statistikkbanken (data på kommunenivå)**

Bustad	Arbeidsstad								
	Sunnhordland	Hardanger	Voss	Bjørnefjorden	Bergen	Vest	Osterfjorden	Nordhordland	Sokkelen
<i>Osloområdet</i>	66	36	21	14	2 179	76	9	31	447
<i>Stavangerområdet</i>	93	12	10	3	989	57	9	12	2 202
<i>Haugesundsområdet</i>	865	29	3	6	856	64	4	19	1 603
<i>Sunnhordland</i>	26 348	146	12	109	1 079	101	5	31	811
<i>Hardanger</i>	144	9 467	373	60	599	38	11	23	316
<i>Voss</i>	16	112	6 170	6	567	25	78	11	156
<i>Bjørnefjorden</i>	150	132	17	6 935	4 698	147	44	43	344
<i>Bergen</i>	618	156	154	978	128 710	4 619	398	1 296	1 779
<i>Vest</i>	111	22	43	73	12 970	17 082	39	104	812
<i>Osterfjorden</i>	14	34	101	31	1 953	47	3 504	117	118
<i>Nordhordland</i>	51	45	19	20	4 261	228	84	10 622	534
<i>Gulen-Høyanger</i>	2	2	1	1	131	12	4	108	100
<i>Vik-Aurland</i>	4	11	50	0	59	4	2	2	34


## 2 Økonomisk utvikling

### 2.1 Næringsstruktur


- **Stabil næringsstruktur i fylket - stadvis store endringar**
- **Offentlege arbeidsplassar bidreg til ein-sidig næringsstruktur i mange kommunar**
- **Høg del konkurranseutsette næringar i Hordaland enn i landet elles**

#### Stadvis stor endring i næringsstrukturen

For Hordaland samla, har det vore lite endring i næringsstrukturen frå 2009 til 2014. Sekundærnæringsane har teke små delar av primærnæringsane, men elles er det ingen endringar for fylket samla (figur 13). Dels skuldast det små endringar i Bergen, og dels skuldast det lokal variasjon som utliknar kvarandre. Den lokale variasjonen er nemlig ganske omfattande: Voss og Vest har fått stor auke i sekundærnæringsane sin del av sysselsettinga (i Vest skuldast dette sterk auke i delen sysselsette innan reparasjon og installasjon av maskinar og utstyr, på Voss er det bygg og anlegg som står for auken), og i begge regionane har sekundærnæringsane teke deler frå andre næringsgrupper; mens dei andre regionane har hatt auke i tertiærnæringsane. Spesielt stor er auken i Bjørnefjorden, Nordhordland og Osterfjorden, og alle stader veks privat tenesteyting meir enn offentlig sektor. Den private auken er mest markant i Osterfjorden.




Figur 13: Næringsstruktur etter inndeling basert på sektor (Hordaland fylkeskommune 2015)



Figur 14: Kartet viser største næring per kommune som fargelagde kommuneflater og fordeling av sysselsette i næringane som kakediagram, der omkrinsen av kaka varierer med tal sysselsette i kommunen. Av omsyn til framstillinga er kakediagrammet for Bergen trekt ut av kommuneflata (Hordaland fylkeskommune 2015).

Offentlege arbeidsplassar bidreg til einzijdig næringsstruktur



Figur 15: Einsidig næringsstruktur i kommunar i Hordaland (Statistikk.invest 2015b).

**Einsidig næringsstruktur** er eit mål på kor avhengig ein region er av eit fåtal næringar. Ved å nytte den såkalla H-indeksen (Herfindahl-Hirschmann-indeks) kan ein få ein indikasjon på kor spreidd eller konsentrert næringsstrukturen er.


Viss ein kommune har 50 næringar vil verdien 0,02 tilseie at det er like mange sysselsette i kvar næring og verdien 1 vil bety at alle er sysselsett innafør ei næring. Verdier under 0,15 er rekna for å vise ein ikkje-konsentrasjon i marknaden. Verdier mellom 0,15 og 0,25 er rekna som moderat konsentrasjon medan verdier over 0,25 er rekna som svært konsentrerte, altså einzijdige. Kjelde: Statistikk.invest.no

Kommunane i Hordaland ligg mellom 0,07 (Bergen og Austevoll) og 0,26 (Samnanger). Halvparten av kommunane i Hordaland ligg mellom 0,11 og 0,18. Det er berre Samnanger som har ein sterk konsentrasjon av næringar og kan seiast å vere einzijdig. Eit mindretal av kommunane har ein moderat konsentrasjon av arbeidsplassane. Offentlege arbeidsplasser utgjer ein stor del av arbeidsplassane i mange kommunar og bidreg til at mange kommunar får ein meir einzijdig næringsstruktur.



### Stor del konkurranseutsett næring i mange kommunar

Konkurranseutsette næringar er næringar som operer i markadar der det blir konkurrert på pris. K-talet vil være eit mål på kor stor del av næringane i ein kommune som er konkurranseutsett (Statistikk.ifest 2015c). I Hordaland varierer dette talet mellom 1 % (Øygarden) og 30 % (Fusa). Halvparten av Hordalandskommunane ligg mellom 7 og 17 %. Til samanlikning varierer det nasjonale nivået mellom 1 % i Tjeldsund og 45 % i Årdal kommune.



Figur 16: Konkurranseutsett næring i kommunar i Hordaland. Kjelde: Statistikk.ifest.no


## 2.2 Sysselsetting

- Sysselsettingsgraden er generelt høg i fylket
- Flest sysselsett innan helse og olje
- Arbeidsplassar i tilknytning til olje har auka kraftig dei siste åra fram mot prisfallet i 2014
- 12,9 % av dei sysselsette er innvandrarar

### Svak auke i sysselsettingsgrad

Hordaland har i likheit med Norge ei høg deltaking i arbeidslivet. Sysselsettingsgraden<sup>2</sup> låg i 2014 på 78,6 % (Hordaland fylkeskommune 2015). Dei seinare åra har i sysselsettingsgraden i fylket vore relativt stabil. Kjønnfordelinga syner at sysselsettinga er høgast blant menn, sjølv om kvinner og menn har ein høgare deltaking i Hordaland samanlikna med heile landet.

Innvandrarar med butid på opptil fire år hadde ein sysselsettingsgrad på 63,5 % i 2013. Ved lengre busettingstid aukar sysselsettingsprosenten. Blant innvandrarar som var busett mellom 5 og 9 år, låg sysselsettingsgraden på 76,6 prosent i fylket (IMDI 2016).



Figur 17: Sysselsetting i ulike bransjar i Hordaland i 2008 og 2014. Kjelde: statistikk.invest.no/SSB.no

### Helse og olje dominerer sysselsettinga

Sysselsettinga i Hordaland har vore prega av ei sterk tilknytning til olje og gass. Ein ringverknadsanalyse i regi av Hordland fylkeskommune viste at så mykje som ein tredel av produksjonen og kvar femte arbeidsplass i fylket er knytt til olje- og gassnæringa<sup>3</sup> (Ludvigsen og Tvedt 2015). Fordeling på bransjar viser at det også er ei omfattande sysselsetting innafør *helse- og sosial*. Omlag 20 % av dei vel 260 000 sysselsette i fylket, eller over 50 000 personar jobba innafør denne næringa i 2014 (Statistisk sentralbyrå 2014f). *Varehandel* hadde til samanlikning cirka 32 000

<sup>2</sup> Sysselsettingsgraden er her definert som sysselsette etter bustad i alderen 16-66 år i prosent av folketalet i same aldersintervall.

<sup>3</sup> Analysen blei gjennomført i desember 2014/januar 2015



arbeidsplassar, som utgjorde 12,5 %, medan det innanfor *industri*<sup>4</sup> var 26 000 sysselsette, eller 10 % av alle sysselsette i fylket. Elles er *undervisning* og *bygg og anlegg* betydelege bransjar som kvar sysselsett over 20 000 personar. Ser ein på kjønnsfordelinga er det tydeleg at kvinner pregar sysselsettinga i næringar innafor helse- og sosial, undervisning og overnatting/servering. Menn dominerer i stor grad industri, bygg og anlegg og primærnæringane.

### Sterk vekst i oljearbeidsplassar dei siste fem åra

Utviklinga i talet på arbeidsplassar mellom 2008 og 2014 viser at det har vore ein auke i talet på arbeidsplassar i dei fleste bransjane i fylket (Statistisk sentralbyrå 2014f). Den største absolutte auken har vore innan *Helse- og sosial* og *bergverk og utvinning* (verksemder innan olje- og gass). Nesten 5000 personar eller 10 % fleire er sysselsett innanfor helse og sosial, medan over 4000 fleire personar er sysselsett innan bergverk og utvinning sidan 2008, som svarar til ein auke på 104 %. Industrien har hatt ein nedgang i talet på sysselsette på 7,7 %, eller 2200 færre arbeidsplassar i same periode. Varehandel og primærnæringane hadde ein nedgang på over 1000 færre arbeidsplassar, der den største prosentvise nedgangen kom innanfor primærnæringane.

### Over ein av ti sysselsette er innvandrarak

Innvandrarak utgjer ein stadig større del av dei sysselsette i Hordaland. I 2008 utgjorde innvandrarak 7,8 prosent av alle sysselsette. I 2014 var denne delen auka til 12,9 %, eller omtrent 35 000 sysselsette innvandrarak (Statistisk sentralbyrå 2015c). Innvandrarak sto altså for 45 % av sysselsettingsveksten i perioden 2008-2014 og det er innvandrarak frå dei såkalla *gruppe 1-landa* som utgjer tyngda i statistikken<sup>5</sup>. Innvandrarak frå *gruppe 2-land*<sup>6</sup> har hatt ein svakare utvikling. Årsaken kan vere at motivasjonen for innvandringa frå gruppe-1 landa fyst og fremst er arbeid.

### Flest lærekontraktar innan bygg/anlegg og teknikk/industriell produksjon

Per 1. oktober 2015 hadde 1736 av 2754 primærseøkarar fått godkjend lærekontrakt med bedrift (Utdanningsdirektoratet 2015). Dette er ein nedgang på 1,9 % frå 2014, men er likevel ein auke frå 2013. Dei fleste kontraktane er innan faga teknikk og industriell produksjon og bygg- og anleggsteknikk og utgjer 46 % av alle kontraktane i fylket. Samanlikna med andre fylke er talet på lærlingar som har godkjend kontrakt høgt i Hordaland, berre Rogaland har fleire. Hovudvekta av lærebedriftene i fylket er konsentrert i og rundt Bergensområdet. Voss, Odda og Sunnhordlandskommunane har likevel eit betydeleg tal lærebedrifter som er knytt til ulike opplæringskontor. Ser ein på kor mange lærebedrifter det er i høve folketalet mellom 16 og 19 år kjem små kommunar naturleg nok godt ut. Samstundes har fleire kommunar rundt Bergensområdet relativt sett dårlegare dekning av lærebedrifter, men forskjellane i fylket er små.

<sup>4</sup> Merk at næringsgruppa industri også inkluderer alle typar produksjon og reparasjon, også leverandørindustri retta mot olje-og gass (SN2007, <http://stabas.ssb.no/ItemsFrames.asp?ID=8118001&Language=nb>)

<sup>5</sup> EU/EFTA, Nord-Amerika, Australia og New Zealand.


<sup>6</sup> Asia, Tyrkia, Afrika, Latin-Amerika, Europa utanom EU/EFTA, Oseania utanom Australia og New Zealand.

## 2.3 Utdanningsnivå

- Det blir færre med grunnskule og vidaregåande som høgste utdanningsnivå
- Bergen og Vest har opplevd størst endring i utdanningsnivå – svakare utvikling i resten av fylket
- Det er snart 50 % av 30-39 åringane som har høgare utdanning i Hordaland

### Færre med grunnskule som høgste utdanningsnivå

Over tid er det ein hovudtendens at det blir færre med grunnskule og vidaregåande, og fleire med universitets- og høgskuleutdanning (Statistisk sentralbyrå 2015e). Sidan 2005 gjeld dette alle regionane i fylket<sup>7</sup>.



Figur 18: Delen innbyggjarar 30-39 år i Hordaland etter høgste fullførte utdanningsnivå, 1991-2014. Kjelde: SSB

### Størst endring i Bergen og Vest

I prosentpoeng er endringa i utdanningsnivå størst i Bergen og i Vest, og minst i Nordhordland og Hardanger. Endringa er likevel nokså jamn, men det er framleis store skilnader i utdanningsnivået mellom Bergen og dei andre regionane. I Bergen har to av fem innbyggjarar universitets- eller høgskuleutdanning, mens det i dei andre regionane anten er ein av fire (Sunnhordland, Hardanger, Voss, Bjørnefjorden og Vest) eller ein av fem (Osterfjorden og Nordhordland).


### Nærare 50 % har høgare utdanning

I aldersgruppa 30-39 år har dei fleste fullført utdanninga si. Her fangar ein også opp dei siste generasjonane sine utdanningsval og per 2012 om lag halvparten av dei nordmenn som har vore gjennom dei siste utdanningsreformane. Når vi no har fått nye berekningar av innvandrarar si utdanning, ser vi at 48,6 % av 30-39-åringar i Hordaland har høgare utdanning.

<sup>7</sup> Tala for 2014 er ikkje heilt samanliknbare med tidlegare år, endring frå 2013 til 2014 kan ikkje bereknast. Dette fordi SSB manglar opplysningar om utdanningsnivå for mange innvandrarar, og har frå 2014 berekna plassering av desse i andre utdanningsgrupper. Før 2005 gjorde byrået ikkje slike berekningar, og frå 2005 til 2013 fordelte dei nokre av innvandrane på andre utdanningsgrupper.

## 2.4 Nyetableringar

- Hordaland hadde høgste etableringsrate før finanskrisa
- Fylket ligg på sjetteplass og under landsnittet når det gjeld nyetableringar



Figur 19: Figuren viser etableringsrate, definert som tal sysselsette i nyetablerte føretak (med tilsette) per 1 000 i arbeidsstyrka (sysselsette, sjølvstendige og registrert arbeidslause). 2001-2014. Oslo og Sogn og Fjordane er valt til samanlikning fordi dei for dei fleste åra utgjer topp og botn av fylka i Noreg.

### Hordaland litt under landsnittet på etableringsrate

I 2013 var det nedgang i etableringsraten<sup>8</sup> i alle fylka i landet med unntak av Møre og Romsdal (som hadde samme rate som i 2012)<sup>9</sup>. Hordaland hadde minst nedgang, og gjekk med det frå 11. plass til 7. plass i etableringsrate blant dei norske fylka. I Hordaland var 5,6 per 1 000 i arbeidsstyrka tilsett i nyetablerte føretak i 2013, mot 6,3 i snitt for Noreg og 8,3 for Oslo (som har Noregs høgaste etableringsrate).

For perioden 2001 til 2013 hadde Oslo det høgaste snittet nyetableringar per 1 000 personar i arbeidsstyrka (12,5), og Sogn og Fjordane det lågaste snittet (3,9). Oslo har hatt den høgaste etableringsraten i alle år utanom fire, og Sogn og Fjordane har hatt den lågaste raten i åtte av dei 13 åra vi har data for. Den høgaste plasseringa Hordaland har hatt, var andre plass i 2007, med 9,5 sysselsette i nyetablerte føretak per 1 000 i arbeidsstyrka.


For perioden under eitt hadde Hordaland eit snitt på 6,5, medan landsgjennomsnittet var på 7,1. Snittet for Hordaland er den sjetteste høgaste etableringsraten i landet, slått av Oslo, Akershus, Vestfold og begge agderfylka.

<sup>8</sup> Definert som tal sysselsette i nyetablerte føretak med tilsette per 1000 i arbeidsstyrka

<sup>9</sup> Eigne berekninga PANDA/SSB

## 2.5 Næringsklynger

- Stor vekst i dei fleste klyngene
- Energi dominerer



Figur 20: Figuren viser den prosentvise utviklinga i tal tilsette i perioden 2009-2012 (horisontal akse) for fem utvalde næringsklynger i høve til tal tilsette 2012 (vertikal akse) og omsetnad (storleiken på sirklane). Kjelde: Statistikk.ivist.no, Business Region Bergen

### Stor omsetnad i mange av klyngene

Energiklynga er klart størst målt i omsetnad (217 mrd) og tal tilsette (om lag 35 000), følgd av den maritime klynga (97 mrd, om lag 24 000 tilsette) (Statistikk.ivist og Business Region Bergen 2012). Omsetnaden i energiklynga åleine er større enn omsetnaden i dei andre næringsklyngene til saman. Den marine klynga hadde ein omsetnad på 31 mrd, medan Reiseliv og oppleving hadde ein omsetnad på 16 mrd.


Energiklynga er og størst målt i verdiskaping (46 mrd), med den maritime klynga som nummer to (23 mrd). Frå 2009 til 2012 har det vore ein vekst på nesten 30 %. Verdiskapinga er framleis betydeleg lågare enn i 2008 (75 mrd). I den maritime næringsklynga har det vore ein vedvarande nedgang i verdiskapinga i heile perioden fram til 2011, for så å auke kraftig i 2012 og var då nesten tilbake på 2008-nivå (23 mrd). Den marine klynga hadde i 2012 ei verdiskaping på 4 mrd kroner. Dette er ein nedgang frå året før med 28 %, men om lag på same nivå som i 2009.

Energi har den høgaste verdiskapinga per tilsett med om lag 1 300 kroner, men også maritim og marin klynge har høg verdiskaping per tilsett (over 900 kroner).

Fylkeskommunen har også tilgang på 2013-tal for energi-, maritim- og marin klynge, og det er ikkje stor endring frå 2012 (sjå statistikk.ivist.no). Desse tala er likevel frå tida før oljeprisfallet og vi må derfor ta høgde for at situasjonen er ein anna i dag. For meir informasjon om definisjonar og djupare analyse, sjå <http://bit.ly/1AB32J> og <http://bit.ly/1PltnNZ>.

## 2.6 Eksport

- Eksportinntektene haldast oppe trass prisfall på petroleumsprodukt
- Andre eksportvarer kompenserte for tapte oljeinntekter




Figur 21: Eksportverdi dei siste 12 månedane, vestlandsfylka. Kjelde: SSB Statistikkbanken

### Tap av oljeinntekter er nesten kompensert

Fallet i eksportverdien av petroleumsprodukt er i Hordaland langt på veg kompensert ved auke i eksport av andre industriprodukt. Samla eksportverdi frå Hordaland for 2015 (per desember) er på 63,3 milliardar kroner (figur 20), og er over nominell verdi for 2011 (60 mrd), men justert for inflasjon vil eksportverdien vere litt lågare (Statistisk sentralbyrå 2015d). Eksporten per desember 2014 fall med 8 milliardar kroner målt mot tilsvarande periode i 2013. I 2015 har vi henta inn att 7,3 milliardar, sjølv om verdien av brenselstoffeksporten berre auka med 2 milliardar.

### Auke i andre eksportvarar

Det ser dermed ut til at konsekvensane av oljeprisfallet har blitt utlikna av anna eksport, truleg hjulpen av svak kronekurs. Også Møre og Romsdal – som praktisk talt er utan brenselstoffeksport – har fått ein auke i eksportverdien av andre industriprodukt (bearbeidde varer), men Sogn og Fjordane og Rogaland har ikkje fått same auken. Slår ein saman eksportverdiene av årets ni første månader for vestlandsfylka ser ein at det store verdifallet i eksport av petroleumsprodukt først kom i 2015, at dette fallet samla sett har blitt godt kompensert ved auke i andre industriprodukt, og at samla eksport så langt i 2015 er på nivå med 2013 (figur 22).




Figur 22: Eksportverdi per desember kvar år sidan 2009, Vestlandet. Kjelde SSB Statistikkbanken

## 2.7 Handel

- Omsetninga i varehandelen er på nærare 40 milliardar kroner årleg
- Dekningsgraden i ein del kommunar er låg

### Jamn vekst i omsetnaden for varehandelen

Omsetnaden i varehandelen i Hordaland var på 39,9 milliardar kroner i 2014 (Statistikk.ivist 2015a). Dei siste 10-15 åra har det vore ein jamn auke med størst vekst frå 1997 og fram til 2007. Omsetninga per innbyggjar var på nærare 80 000 kroner. Dekningsgraden<sup>10</sup> for varehandel varierer (figur 22) og i 2014 var det kommunane Bergen, Lindås, Odda, Jondal, Fjell og Stord som hadde høgast dekningsgrad. Ei rekkje kommunar har underdekning og fleire reiser ut av kommunen for å handle. Dette gjeld delar av Hardangerkommunane, Sund, Øygarden, Vaksdal og Sveio.



Figur 23: Dekningsgrad for varehandelen i kommunane i Hordaland. Kjelde: [Statistikk.ivist.no/SSB](http://Statistikk.ivist.no/SSB) Statistikkbanken

<sup>10</sup> Dekningsgrad er omsetnad per varegruppe per innbyggjar delt på omsetnad per varegruppe per innbyggjar i Hordaland multiplisert med 100



## 2.8 Privat økonomi

- Eldre opplever størst inntektsvekst
- Inntektsfordelinga viser at det er fleire med høg inntekt enn låg

### Størst inntektsvekst blant eldre


Medianinntekta i Hordaland var i overkant av 500 000 i 2014 (Statistisk sentralbyrå 2014c). Det er fem prosent høgare enn landssnittet. Hushaldsgruppa par med barn i alderen 6-17 år skil seg mest positivt ut i høve resten av landet (3,6 %). Utviklinga i inntekt viser at det er eldre par utan born som har den beste inntektsveksten. Frå 2013-2014 var auken på 2,8 prosent. Til samanlikning auka inntekta hos aleinebuande under 45 år med 1,4 %. Den same trenden er gjeldande for dei seinaste fem åra der veksten for eldre par utan born og aleinebuande over 67 år var høvesvis 22,3 og 14 prosent.

Tabell 3: Medianinntekt etter skatt for hushald i Hordaland, 2014. Kjelde: SSB

Hushaldtype	2014 (kr)	Endring frå året før <sub>1</sub>	Endring siste fem år <sub>1</sub>
Alle hushald	503 000	1,0	11,8
Par med born 0-5 år	732 000	1,5	8,8
Par med born 6-17 år	853 000	1,5	11,4
Par utan born, eldste person 67 år og over	522 000	2,8	22,3
Aleinebuande under 45 år	282 500	1,4	7,4
Aleinebuande 65 år og over	282 500	2,2	14

<sup>1</sup>Berekna med utgangspunkt i faste prisar

Hordaland ligg tett opp mot landet elles når det gjeld fordeling av inntekt (Statistisk sentralbyrå 2014d). Over halvparten har ein inntekt ein stad mellom 250 000 og 750 000 kroner. Nesten 30 % tener meir enn dette og her ligg fylke høgare enn landet elles. Det er 17 % som har ei inntekt under 250 000.




Figur 24: Prosentvis inntektsfordeling i Hordaland og Norge. Kjelde: SSB



## 2.9 Offentleg økonomi

- Tenestetilbodet innan ulike sektorar varierer
- Halvparten av kommunane over anbefalt mål for økonomisk balanse



Figur 25: Avvik frå fylkessnittet for produksjonsindeks. Meir data tilgjengeleg frå: <http://kommunedata.regjeringen.no/>

### Godt tenestetilbod i dei fleste kommunane – forskjellar mellom sektorar


Produksjonsindeksen (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015b) baserer seg på ei rekkje produksjonsindikatorar frå ulike sektorar som samla sett kan seie noko om det samla tenestetilbodet i ein kommune og kor godt tilpassa produksjonen er i høve storleiken på målgruppa. Med dette er det mogleg å vise kor godt tenestetilbodet er i kommunen.

Kommunar med høg inntekt har ein høgare samla produksjonsindeks enn kommunar med låg inntekt generelt sett, men det er ikkje alle delindeksane som korrelerer like godt mot korrigert kommunal inntekt. Til dømes er det sterkast korrelasjon til inntekt i sektorane primærhelseteneste, pleie- og omsorg og kultur. Her er kommuneøkonomien viktig for kor godt tenestetilbodet er. Sektorane barnehage, barnevern og sosialkontortenester er ukorrelert med inntekt medan grunnskole berre viser ein svak korrelasjon. Desse tenestene er styrt av behov heller enn økonomiske rammer. Til dømes har retten til barnehageplass nærast fristilt desse tenestene frå kommunale inntekter.

Når ein målar delindeksane for sektorane kultur, sosialkontor, barnevern, pleie- og omsorg, primærhelseteneste, grunnskole og barnehage opp mot fylkessnittet kan ein få eit bilete av kor godt tenestetilbodet er i ein kommune samanlikna med andre kommunar. Ulvik ligg til dømes over snittet

på alle tenester medan Austevoll ligg under fylkessnittet på alle tenester forutan pleie- og omsorg. Det er og tydeleg at kultur er ein sektor der mange kommunar har eit relativt sett svakt tenestetilbod. Berre Bergen, Austrheim, Masfjorden og Ulvik ligg over fylkessnittet.

Halvparten ligg over anbefalt mål for økonomisk balanse




Figur 26: Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter. Kjelde: (KOSTRA/Statistisk sentralbyrå, 2015)

Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunane. Dette er driftsoverskotet etter at renter og avdrag er betalt og seier noko om det økonomiske handlingsrommet til kommunane i form av investeringar eller avsetningar. På nasjonalt nivå er det venta at netto driftsresultat vil auke i 2015 grunna auke i realinntektsveksten og den vil vere noko høgare enn veksten i sysselsettinga (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015b). For Hordaland sin del ligg om lag halvparten av kommunane over den anbefalte grensa på 2 prosent.

## 2.10 Forsking og utvikling

- **Universitet- og høgskulesektoren nyttar mest til FoU**
- **Næringslivet sakkar akterut på FoU**



**Figur 27: FoU-utgifter i Hordaland etter sektor i perioden 2001-2013. I 2009 blei delar av Uni Research overført frå UoH-sektoren til instituttsektoren i statistikken. Kjelde: FoU-statistikkbanken**

### Jamn vekst i FoU-utgifter dei siste åra

Universitet- og høgskulesektoren (UoH) er den dominerande sektoren knytt til FoU-utgifter i Hordaland (NIFU 2013). Sektoren har vore størst over tid, og har auka meir enn instituttsektoren og næringslivet<sup>11</sup>. Instituttsektoren hadde ei utflating nokre år fram til 2011, men har auka meir enn næringslivet sidan då. Næringslivet er den sektoren som nyttar minst på FoU, men har og hatt ei positiv utvikling dei siste åra.

### Næringslivet sakkar akterut


Når vi samanliknar med andre fylke ser vi at det er lågare utgifter til FoU i Hordaland enn i dei utvalte fylka. Frå 2011-2013 har FoU-utgiftene auka i alle fylke unntatt Oslo. Akershus hadde den svakaste veksten med 0,3 %. Hordaland har òg hatt ein svak vekst med 5,1 %, samanlikna med den kraftige veksten i Buskerud (20 %), Rogaland (39 %) og Sør-Trøndelag (45 %). Næringslivet i Hordaland hadde utgifter til FoU på 1,4 milliardar kr i 2013, Sør-Trøndelag 2,9 mrd. og Oslo 5,8 mrd. kr.

<sup>11</sup> I 2009 blei delar av Uni Research overført frå UoH-sektoren til instituttsektoren i statistikken

### 3 Sosial og kulturell utvikling

#### 3.1 Sosiale indikatorar

- Hordaland gjer det jamt over bra på sosiale indikatorar
- Stor variasjon mellom kommunane på fleire indikatorar



Figur 28: Figuren viser korleis Hordaland kjem ut på ei rekkje sosiale indikatorar. Søyla er snittet på kvar variabel for alle kommunane i fylket, medan den svarte streken viser den lågaste verdien blant kommunane i fylket og den røde den høgaste. Til saman viser altså dei to strekane kor stort spennet er mellom den kommunen med lågaste score og høgaste score i fylket på kvar variabel. I tillegg har vi tatt med gjennomsnittsverdien for landet som heilskap, her markert med \*. Slik kan vi også sjå korleis Hordaland gjer det samanlikna med resten av landet (Hansen 2014).

#### Hordaland kjem godt ut på dei fleste sosiale indikatorane

På elleve av variablane er snittet for Hordaland høgare enn landssnittet. Hordaland har høgare grad av sysselsetting, både for kvinner og menn, høgare del menn som jobbar heiltid (men lågare del kvinner), høgare del av befolkninga med høgare utdanning, høgare barnehagebruk, høgare gjennomstrømming på vidaregåande skule og høgare valdeltaking. Alle desse variablane kan seiast å vere positive, altså at det er ønskeleg med høgast mogleg verdi på dei. I figuren finn vi også ein rekkje negative indikatorar, som til dømes arbeidsløyse, kriminalitet, del hushald med låg inntekt, sjukefråvæer og del uføre. På desse ligg Hordaland under landssnittet. For fylket som heilskap kjem vi med andre ord godt ut sett opp mot landet under eitt.

### Stor variasjon mellom kommunane

Går vi ned på kommunenivå, er bildet meir nyansert. På nesten samlege variablar ligg dei lågaste kommunen i Hordaland under landssnittet.<sup>[1]</sup> Spreiinga mellom kommunane i fylket er også relativt stor på alle variablane. Utslaga er sjølvstørst, målt i prosentpoeng, på dei variablane kor verdiane er høgst. Samstundes er det vel så relevant å sjå på dei indikatorane kor differansen er låg i prosentpoeng, men kor den relative avstanden mellom beste og verste kommune i fylket er stor. Dette gjeld i særleg grad låginntekt, kvinner i heiltidsstilling, høgare utdanning, barnehage, gjennomstrøming i vidaregåande skule, valdeltaking og kriminalitet.

---

<sup>[1]</sup> Det einaste unntaket er valdeltakinga ved kommunevalet i 2011, då Bergen og Fjell, dei to med lågast deltaking i Hordaland, likevel hadde eitt prosentpoeng høgare valdeltaking enn landssnittet. Vi har ikkje tal for landet som heilskap på prosent innflyttarar i hushald med låg inntekt.

### 3.2 Gjennomføring i vidaregåande skule

- Den generelle gjennomføringsgraden i vidaregåande skule ligg omtrent på landsnittet
- Stor forskjell på gjennomføringa i studieførebuande og yrkesfag
- Ein tredel av dei yrkesfaglege elevane går ut i lære

#### Studieførebuande under landsnittet på gjennomføring –yrkesfag over snittet


Gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring i Hordaland for alle program er på 70,5 %, og er om lag på landsgjennomsnittet (70,8 %) (sjå tabell 4). Gjennomføringsgraden i studieførebuande program er derimot langt lågare i Hordaland (79,4 %) enn for landet som heilskap (83,1 %). Det er berre Finnmark som har lågare gjennomføringsgrad enn Hordaland. Sogn og Fjordane har høgast gjennomføringsgrad med 87,9 %.<sup>12</sup>

**Tabell 4: Del elevar som har fullført vidaregåande opplæring fem år etter at dei starta i 2009, etter fylke. Tal for alle program totalt, studieførebuande program og yrkesfaglege program. Tala omfattar både private og offentlege skolar. Kjelde: (Utdanningsdirektoratet, skoleporten, 2015)**

Fylke	Alle program	Studieførebuande	Yrkesfaglege
Akershus	76,2	85,6	62,7
Oslo	74	82,2	54,7
Vest-Agder	73,6	84,3	64,6
Sogn og Fjordane	73,6	87,9	61,7
Rogaland	73,1	82	64,8
Møre og Romsdal	72,5	83,8	63,8
Aust-Agder	71,7	84,9	60,2
Sør-Trøndelag	70,9	83,5	57,6
Buskerud	70,7	82,1	58,4
Hedmark	70,5	85,4	56,8
<b>Hordaland</b>	<b>70,5</b>	<b>79,4</b>	<b>61</b>
Telemark	70,5	82,7	58
Oppland	69,9	87,9	55,1
Nord-Trøndelag	69,5	86,7	57,1
Vestfold	66,9	82,6	50,7
Østfold	65,3	83,9	48,1
Troms	64,9	80	50,6
Nordland	64,7	80,9	52,7
Finnmark	53,3	74,1	38,2
<b>Heile landet</b>	<b>70,8</b>	<b>83,1</b>	<b>57,9</b>

<sup>12</sup> Her må ein vere merksam på at i studieførebuande program inngår fleire utdanningsprogram – studiespesialisering, idrettsfag og musikk, dans og drama. I tillegg inngår elevar i planlagte løp mot grunnkompetanse som utgjer eit eige utdanningsprogram. Dersom vi ser på utdanningsprogrammet studiespesialisering, som er det klårt største utdanningsprogrammet innanfor studieførebuande program, så er gjennomføringsgraden betydeleg høgare (84,9 %). Dette er likevel litt under det nasjonale snittet (86,1 %). 11 fylke har betre resultat enn Hordaland. Innanfor idrettsfag og musikk, dans og drama er gjennomføringsgraden svært høg og blant dei høgste i landet, med høvesvis 92,9 % og 88,9 %. Det er utdanningsprogrammet for elevar med planlagte løp mot grunnkompetanse som trekk ned snittet på studieførebuande program samla i Hordaland.

Bilete er noko annleis for yrkesfaglege program. Her ligg gjennomføringsgraden i Hordaland (61 %) over landsgjennomsnittet (57,9 %). Det er berre fem fylke som kan vise til ein større del elevar som starta på yrkesfag og som har fullført vidaregåande opplæring fem år etter, enn Hordaland. Samstundes hadde Hordaland, saman med fylka Rogaland og Akershus, klårt flest elevar som starta på yrkesfag.



**Figur 29: Gjennomstrømming for elevar i vidaregåande skole i Hordaland etter fullføringsgrad, både offentlege og private skolar. Elevane begynte i vidaregåande skole i 2009. Fullføringsgraden er målt 5 år etter, dvs i 2014 (Skoleporten/Udir 2016)**

### Låg progresjon i yrkesfag – høg i studieførebuande

Progresjonen i yrkesfaglege program er betydeleg lågare enn i studieførebuande program. Medan 69,6 % av elevane i studieførebuande program fullførte på normert tid<sup>13</sup>, hadde berre 40,5 % av dei som starta på yrkesfag gjort det same. Om lag halvparten av dei som ikkje har gjennomført og bestått vidaregåande fem år etter dei starta, slutta undervegs. Den andre halvparten hadde anten fullført, men ikkje bestått eller dei var framleis i vidaregåande opplæring. Dette gjeld både for dei som starta i studieførebuande og i yrkesfaglege program. 20 % av elevane som starta i yrkesfaglege program, og 10 % av dei som starta i studieførebuande fag, slutta undervegs.

Det er ein større del av dei som starta på yrkesfag som framleis er i vidaregåande opplæring (10,1 %) enn det er blant dei som starta i studieførebuande fag (3,6 %). Noko av skilnaden kan truleg forklarast ved at elevane på studieførebuande program har to år ekstra på å fullføre vidaregåande opplæring (normert tid er 3 år), medan dei fleste elevane på yrkesfaglege program har berre eitt år ekstra (normert tid er 2 + 2 år).

### Ein tredel av elevane på Vg2 går ut i lære

Overgangen frå Vg2<sup>14</sup> i yrkesfaglege utdanningsprogram blir sett på som ein av dei mest kritiske overgangane med tanke på gjennomføring i vidaregåande opplæring. Tilgangen på læreplassar påverkar overgangen i stor grad, men karakterar, fråvær, etc. påverkar og moglegheitene til å få

<sup>13</sup> Elevar som byrja på vidaregåande skole i 2009

<sup>14</sup> Skole til lære


læreplass. I 2013 gjekk 35,9 % av elevane på Vg2 i Hordaland over i lære, 26,3 % byrja på påbygging til studiekompetanse og 21,5 % var ute av vidaregåande opplæring for minimum eitt år (figur 1.5). Det er berre fem fylke som kan vise til ein større del elevar som får læreplass etter å ha fullført to år i skole.

### 3.3 Barn i barnehage

- Høg barnehagedekning – variasjon mellom kommunane
- Ein av ti barnehagebarn er minoritetsspråklege

#### Jamt over høg barnehagedekning

I 2014 hadde 91,1 % av barn mellom 1-5 år i Hordaland barnehageplass (Statistikk.igest og KOSTRA/SSB 2014). I aldersgruppa 3-5 år hadde 97 % barnehageplass. For denne aldersgruppa var det 97,3 % dekning i Bergen. Tre kommunar i fylket hadde over 100 % dekning, størst i Modalen med 136,4 %. Lågaste dekningsgrad på Fedje med 92,3 og Ulvik og Meland med 93,3 %. Til samanlikning var det 96,6 % dekningsgrad i landet inklusive Oslo, og 97,1 % eksklusive Oslo. Tal minoritetsspråklege barn i barnehage i høve alle innvandrarbarn har auka jamt sidan 2009 og låg på over 70 % i 2014. Den generelle delen minoritetsspråklege barn har auka med 5 % sidan 2009 og i 2014 var vel eitt av ti barnehagebarn minoritetsspråklege.



Figur 30: Til venstre: barnehagedekning i ulike aldersgrupper i Hordaland, 2014. Til høgre: del minoritetsspråklege barn i ulike aldersgrupper i høve alle innvandrarborn. Del minoritetsspråklege barn i høve alle barnehagebarn er vist for alle aldersgrupper samla. Kjelde: SSB/KOSTRA




### 3.4 Vedvarande låginntekt

- Færre barn bur i låginntektshushald samanlikna med resten av landet
- Færre eldre og fleire unge med vedvarande låginntekt

#### Færre barn i låginntektshushald

Det er signifikant færre barn som bur i låginntektshushald<sup>15</sup> i Hordaland (8,4%), samanlikna med landet (10,2 %). 22 av kommunane i Hordaland er signifikant betre enn landet. 11 av kommunane er anten ikkje testa, eller skil seg ikkje signifikant frå landet. For befolkninga som heilskap er det mindre skilnader, der Hordaland har 1,1% færre med låginntekt enn landet (Folkehelseinstituttet 2013). Målt etter EU50 (2013) skil bydelane Årstad (12, 4%) og Bergenhus (9,7 %) i Bergen seg klart ut når det gjeld del barn i låginntektshushald. Eidfjord kommune ligg og høgt med 11 %. Elles er variasjonen i fylket frå 6,6 % til 2,2 % (Statistikk.igest og Statistisk sentralbyrå 2013).



Figur 31: Vedvarande låginntekt, 50 % av median, snitt av treårsperiodar. Kjelde: SSB

#### Fleire unge med vedvarande låginntekt

I Hordaland har det i perioden 2004- 2013 vore eit stort skifte i kva slags aldersgrupper i samfunnet som dominerer tala for låginntekt (Statistisk sentralbyrå 2013b)<sup>16</sup>. Det er langt færre i aldersgruppa frå 67 år og eldre som er i denne kategorien. Denne gruppa har tidlegare dominert. Alle andre aldersgrupper har hatt vekst. Særlig stor har auken vore for gruppa unge mellom 18-34 år. Vi ser den same utviklinga både når vi ser på 50 % og 60 % av medianen. Dette er i tråd med den nasjonale utviklinga.

<sup>15</sup> Personar som bur i hushaldningar med inntekt under 60 % av nasjonal median (Folkehelseinstituttet).


<sup>16</sup> EU definerer låginntekt som mindre enn 50 % av medianinntekta til innbygarane det siste året og minst to av det tre følgande åra.

### 3.5 Arbeidsløyse

- **Låg arbeidsløyse no samanlikna med tidlegare**
- **Menn er meir utsett når marknaden svingar**
- **Størst auke i ledigheita blant eldre og personar med kort universitets- og høgskoleutdanning siste året**

#### Låg arbeidsløyse i eit langtidsperspektiv

Utviklinga i arbeidsløysa i Hordaland dei siste 25 åra viser at talet på heilt ledige har gått ned (Statistisk sentralbyrå 2015f). Sidan 2006 har arbeidsløysa i fylket blant personar mellom 15 og 74 år lagt kring 2 og 3 %. Ein må tilbake til tidleg 2000-tal for å finne ein høgare arbeidsløyse.



Figur 32: Arbeidsløyse og oljepris i perioden 2000-2014, månedsvise data. Kjelde: SSB og FRED economic data.

#### Menn er utsett i nedgangstider

Fordeling på kjønn viser at menn er meir utsatt for svingingar i arbeidsmarknaden enn kvinner. I kjølvatnet av finanskrisa i 2008 gjekk arbeidsløysa kraftig opp blant menn. Kvinnene hadde ein svakare auke. Det same mønsteret er tydeleg under den noverande konjunkturedgangen der menn sto for over 80 % av auken i arbeidsledige mellom 2015 og 2016 (NAV 2016). Desse kjønnsforskjellane må sjåast i samanheng med næringsmansetninga i fylket. Ledigheita det siste året har vore høgast i bransjane industriarbeid, bygg og anlegg og blant ingeniørar, altså næringar der menn er i fleirtal.

#### Størst relativ endring i arbeidsløyse blant unge og eldre arbeidstakarar

Yngre arbeidstakarar (15-29 år) har ein høgare arbeidsløyse i prosent av arbeidsstyrken, men forskjellane har blitt mindre dei siste 15 åra (Statistisk sentralbyrå 2015f). I reelle tal er det likevel

gruppa mellom 30 og 74 år som har flest ledige. Utviklinga det siste året<sup>17</sup> viser at den største prosentvise auken i arbeidslause var i aldersgruppene 50-59 år og 60år+ (begge 50 % auke i ledigheita) sjølv om desse utgjer ein liten del av arbeidsstyrken. Til samanlikning utgjer unge mellom 25 og 29 år ein større del av arbeidsstyrken og her auka ledigheita med 34 % eller 629 fleire ledige.

### Ledigheita blant høgt utdanna auka mest


Det siste året har ledigheita auka med 46,9 % i gruppa med kort universitets- og høgskuleutdanning (Statistisk sentralbyrå 2015g), ei gruppe som generelt har hatt låg arbeidsløyse. For fylket totalt sett har ledigheita auka med nesten 37 % frå 2014 til 2015. Dette svarar til over 2000 fleire ledige på eitt år.

**Tabell 5: Arbeidslause i Hordaland fordelt på utdanningsnivå 2014-2015. Kjelde: SSB**

Utdanningsnivå	November 2014	November 2015	Endring i tal	Endring i prosent
Grunnskole	2141	2632	491	22,9
Vidaregåande skole	2406	3334	928	38,6
Universitets- og høgskuleutdanning, kort	815	1197	382	46,9
Universitets- og høgskuleutdanning, lang	423	526	103	24,3
Uoppgjeve eller inga fullført utdanning	297	638	341	114,8
Totalt	6082	8327	2245	36,9

## 3.6 Sjukefråvær

- Norge på topp på sjukefråvær blant OECD-landa
- Det har vore ein svak nedgang i sjukefråværet i perioden 2009-2014
- Sjukefråværet stig med alder



**Figur 33: Utviklinga i sjukefråværet for menn og kvinner for fjerde kvartal, perioden 2009-2014. Kjelde: Nav statistikkportal**

<sup>17</sup> Januar 2015 til januar 2016.

### Svak nedgang i sjukefråværet for begge kjønn


Norge er det medlemslandet i OECD som ligg på topp når det gjeld sjukefråværet (Folkehelseinstituttet, 2013). I Hordaland gjekk sjukefråværet ned frå 6 til 5,6 % i perioden 2010-2014 (NAV 2015a). Dette er ein svakare nedgang samanlikna med resten av landet. Det er store forskjellar i sjukefråværet når det gjeld kommune, kjønn og alder. Ser ein på kjønn har kvinner det høgaste sjukefråværet i fylket og ligg om lag 3 prosentpoeng høgare enn menn. For begge kjønn har det vore ein svak nedgang i sjukefråværet sidan 2009.

### Sjukefråværet stig med alderen

Unge mellom 16 og 19 år har eit sjukefråværet på mellom 2 og 3 %. Til samanlikning ligg 60-69-åringar på omtrent 7 %. Dei fleste aldersgrupper har hatt nedgang i sjukefråværet i perioden 2010-2014. Nedgangen er størst blant dei yngste sjølv om aldersgruppa 60-69 år hadde ein større prosentvis nedgang enn aldersgruppene 40-49 og 50-59 år.

## 3.7 Uføretrygd

- Det er over 25 000 uføretrygda i Hordaland
- Kvinner aukar mest



Figur 34: Uføretrygda (18-67 år) i prosent av folketal (18-67 år), fylkesvise tal. Kjelde: SSB Statistikkbanken

### Hordaland har flest uføretrygda i landet


Uføretrygd er ei yting som skal sikre inntekt til livsopphaldet for personar som på grunn av sjukdom eller skade har fått ein varig reduksjon eller nedsetting av moglegheita for inntektsgivande arbeid (Regjeringa 2015). Per 30. juni 2015 var det 311 800 mottakarar av uføretrygd i Norge (NAV 2015b). Av desse var 25 426 busett i Hordaland. Med dette talet ligg fylket øvst i landet når det gjeld talet på personar som mottar uføretrygd. Likevel er del uføretrygda i høve folketal relativt lågt. Tala for perioden 2006 til 2015 syner at det blir fleire uføretrygda i fylket. Auken er blant dei med ein uføregrad på 100 %. Det har vore ein svak nedgang i tal personar som er delvis uføre.

### Kvinner er i fleirtal og aukar mest

Kvinner utgjorde omtrent 60 % av alle uføre i 2015 og hadde størst auke i perioden 2006-2015 med 9,6 %. Til samanlikning hadde menn ein auke på 6,8 % i same periode. Ein oversikt over delen uføretrygda i høve folketal på kommunenivå per 30. juni 2015 (NAV 2015b) syner at Vaksdal, Odda og Øygarden har over 10 % uføretrygda. Ullensvang, Austrheim og Modalen er blant kommunane med den lågaste uføredelen, mellom 6 og 7 %.

## 3.8 Valdeltaking

- **Det er høgast deltaking under stortingsval**
- **Valdeltakinga hos dei unge ligg mellom 40 og 50 % under lokalval**



Figur 35: Valdeltaking under dei tre siste lokalval og stortingsval. Kjelde: SSB Statistikkbanken

### Høgast deltaking under Stortingsval


Valdeltakinga er klart størst under stortingsval og har lege rundt 80 % under dei siste tre vala. Utviklinga viser ein svak auke i deltakinga under stortingsval. Tala er lågare for kommune- og fylkestingsvalet. Her var deltakinga 64 % i 2007, auka litt til 66,5 % i 2011, men fall til 62,2 % i 2015.

### Stor forskjell mellom unge og eldre

Det er ulik deltaking når ein fordeler på alder. Det er dei eldre som i størst grad deltek i val. 67-79-åringane hadde den høgaste valdeltakinga på 76,5 % under siste kommune- og fylkestingsval i Hordaland. Den lågaste deltakinga var hos unge i aldersgruppa 20-24 år og låg på 40,3 %. Deltakinga blant dei yngste (18 og 19-åringane) var noko høgare og var på knappe 50 %.


### 3.9 Kulturbesøk

- Nedgang i kino- og biblioteksbesøk
- Relativt stabile besøkstal for musea



Figur 36: Kinobesøk og besøk i folkebibliotek per innbygger. Kjelde KOSTRA/SSB

Besøk på kino og i folkebibliotek per innbygger har gått ned i perioden 2007-2014 (KOSTRA/SSB 2015a). I biblioteka låg nivået på nærare fem besøk per innbygger i 2007, men har falt til under fire. Kinobesøk har gått tilbake frå eit toppnivå på tre besøk per innbygger i 2009 til 2,4 i 2014.



Figur 37: Besøk ved museer i Hordaland i perioden 2007-2014. Kjelde: KOSTRA/SSB


Ved musea har besøka vore relativt stabile. Enkeltbesøk har auka frå 2007 til 2009, men har halde seg stabilt på 800 000 besøk i året for så å falle i 2014. Gruppebesøk hadde det høgaste nivået i 2007, men har sidan falt noko. Nivået har halde seg stabilt kring 300 000 besøk dei siste fem åra (KOSTRA/SSB 2015b).

### 3.10 Kriminalitet

- Det er færre lovbrott målt opp mot folketal
- Valds kriminaliteten er høgast i byane – melde lovbrott aukar

#### Nedgang i lovbrott


Melde lovbrott har vore stabilt rundt 30-35000 årleg i perioden 2004-2014 (Statistisk sentralbyrå 2014g). Etter ein nedgang i 2011 har talet auka fram til 2013/2014. Ser ein på grovare brotsverk og misferd målt per 1000 innbyggjarar viser utviklinga ei nedgang i brotsverk frå 52,6 per 1000 i 2004 til 44,3 per 1000 i 2014. Misferd viser ikkje same nedgangen då det var 24 per 1000 i 2004 og no 23 per 1000 i 2014.



Figur 38: Melde lovbrott, grovare brotsverk og misferd per 1000 innbyggjarar i perioden 2004-2014. Kjelde: SSB Statistikkbanken

#### Høgast valds kriminalitet i storbyane

Valds kriminaliteten er høgare i storbyane enn i distrikta. Oslo ligg heilt klart på topp med nesten 8 % melde lovbrott per 1000 innbyggjarar årleg. I Bergen er nivået 6,2 % medan Stavanger og Trondheim ligg på høvesvis 5,5 og 5,3 %. I Hordaland utanom Bergen er det flest melde lovbrott i Lindås, Odda og Os. Det har vore ein nedgang i melde lovbrott per innbyggjar innan valds kriminalitet i Hordaland frå perioden 2007-2008 til 2013-2014. Dei to siste periodane har (Hordaland politidistrikt, 2013) nivået halde seg på 4,9 %, som er under det nasjonale snittet. Kommunane i fylket utanom Bergen ligg under dette nivået. Trass nedgangen i melde lovbrott i høve folketalet viser tal frå Hordaland politidistrikt ein auke i valds kriminaliteten på 5 % mellom 2009 og 2013 (Hordaland politidistrikt 2013)



Figur 39: Valds kriminalitet i utvalde storbyar, heile landet og i kommunar i Hordaland. Data unnateke offentlegheita i Jondal, Eidfjord, Ulvik, Granvin, Samnanger, Modalen, Fedje og Masfjorden. Kjelde: SSB statistikkbanke



## 4 Miljø og naturressursar


### 4.1 Klimaendringar

- Klimaet har blitt varmare og våtare på 50 år
- Det kan bli opp mot 2 gradar varmare i midten av dette århundre
- Havnivået stig og hyppigheita av stormflo vil auke
- Indre strom er meir utsett for naturfarar som flaum og skred

#### Klimaendringar sidan 1960

Frå normalperioden 1961-1990 til perioden 1971-2000 har det vore store endringar i temperatur og nedbør. Ser ein på Vestlandet har det vore eit avvik på 0,36 gradar i gjennomsnittleg årsmiddeltemperatur frå 1971-2000 til perioden 1985-2014 (Hanssen-Bauer mfl. 2015). Det er om sommaren og hausten at temperaturavviket er størst.

Når det gjelder nedbør har det blitt våtare sidan referanseperioden 1971-2000. Hordaland er her delt mellom to nedbørsregionar; Sogn og Sunnhordland<sup>18</sup>. I Sogn var avviket mellom 1971-2000 og 1985-2014 på 1 %. I Sunnhordland, som omfattar ytre delar av og var avviket i same periode på 3 %. Ser ein på årstidene er våren blitt våtare og hausten tørrare frå 1971-2000 til 1985-2014.



<sup>18</sup> Sogn omfattar Sogn og fjordane med nordlege delar av Hordaland, Bergen og indre Hardanger. Sunnhordland omfattar Sunnhordland og midtre/ytre del av Hardangerfjorden.

### Mot eit varmare og våtare klima


For Vestlandet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland) er det venta ein auke på 2 grader fram til 2031-2061 og 3,9 grader fram til 2071-2100 (Hanssen-Bauer mfl. 2015). Temperaturen vil auke for alle årstidene, men vintermånadene (DJF) vil få den største auken (høgalternativ, RCP8.5, sjå faktaboks). I mellomalternativet (RCP4.5) er det venta ei endring i årsmiddeltemperaturen på 1,5 grader fram til 2031-2061 og 2,3 grader fram til 2071-2100. Med eit varmare klima er det venta ein auke i talet på varmedøgn<sup>19</sup>, lenger vekstsesong og kortare fyringssesong.

**RCP2.6** er eit lågutslepp-scenario. Utslepp av klimagassar må reduserast frå 2020 og vere redusert til null i 2080. Dette føreset eit lågare oljeforbruk, lågt energiforbruk og at verdens befolkning er på ni milliardar når ein nærmar seg 2100.

I **RCP4.5** vil klimagassane i atmosfæren auke fram mot 2060 før dei må reduserast og stabiliserast til eit nivå i 2080 som tilsvare 40 % av utsleppa i 2012. Temperaturauken mot slutten av dette århundret er venta å ligge på 2,5°C globalt.

**RCP8.5** innebær ein kontinuerleg vekst i klimagassutslepp i same takt som dei siste tiåra. Verdas befolkning vil auke til 12 milliardar og CO<sub>2</sub>-utsleppa vil vere tredobla innan 2100. Temperaturauken vil vere i storleiken 4°C samanlikna med perioden 1850-1900.

Når det gjeld nedbør er Hordaland delt mellom to nedbørsregionar, *Sunnhordland* og *Sogn og Fjordane/Nordhordland*. Det er venta ei auke i årsnedbøren på 8 % i begge regionane fram mot 2031-2061 og høvesvis 12 og 17 % fram mot 2071-2100 (RCP8.5). For mellomalternativet (RCP4.5) er tala 5 % for Sunnhordland og 6 % for Sogn/Nordhordland fram mot 2031-2061 og 6 og 8 % fram mot 2071-2100. I hovudsak vil våren og sommaren få den største relative endringa (%) i nedbør. Tal dagar med kraftig nedbør er venta å auke med 20-40 % (RCP4.5) og 35-85 % (RCP8.5)<sup>20</sup>.



Figur 41: Forventa framtidig havnivåstigning for Bergen fordelt på ulike utslippsalternativ. Kjelde: Kartverket/Se havnivå

<sup>19</sup> Døgn der middeltemperaturen er høgare enn 20°C


<sup>20</sup> Tal for begge nedbørsregionar, Sunnhordland og Sogn og Fjordane/Nordhordland

### Kysten mest utsett for havnivåendringar

På globalt nivå stig havnivået. Dei viktigaste årsakene er knytt til auka havtemperaturar og smelting av isbrear. Det er altså klimaendringane som er drivkrafta bak desse endringane (Statens Kartverk 2015). I tillegg vil landhevinga etter siste istid og storleiken på grønlandsisen påverke dei regionale endringane langs Norskekysten.

Havnivåendringane i Hordaland er venta å bli størst langs kysten og i dei nordlege delane av fylket. Ser ein på Bergen vil endringane være i storleiken 22-47 cm avhengig av framtidige klimagassutslepp.

*Stormflo* er eit fenomen som oppstår i kombinasjon med lågtrykk og sterk vind som pressar vatnet mot land. Dette førar til unormalt høg vasstand. *Returnivået* er sjansen for at eit gitt havnivå i gjennomsnitt blir overstige minst ein gong i løpet av ein periode (til dømes 200 år). På Vestlandet er det venta at ein vil overgå dette nivået 40 gongar i løpet av dette århundre (Simpson mfl. 2015). For å vurdere risikoen for at vatnet flaumar over må ein kombinere dei framtidige havnivåendringane med returnivået for stormflo.




Figur 42: Havnivåendringar for perioden 2041-2061 og 200 års returnivå for stormflo. Kjelde: NCCS-rapport 1/Eiget kart

### Intensiteten av skred og flaum aukar

Hendingar som skred og flaum er døme på naturfarar som førar til store materielle øydeleggingar og fare for liv og helse. Det er fleire hendingar som har prega fylket dei seinaste åra. Lausmasseskredet på Hatlestad terrasse i Bergen i 2005, forårsaka av store nedbørsmengder frå orkanen «Kristin», krav to menneskeliv. Flaumen i Hardanger, Sunnhordland og Vossovassdraget hausten 2014 var eit resultat av store nedbørsmengder i ein tredagars-periode og førte til store materielle skadar og kostnader (Langsholt mfl. 2015). Klimaendringar er venta å påverke hyppigheit og storleik for desse naturfarane i framtida gjennom høgare temperaturar og meir nedbør på Vestlandet. Det er til dømes venta 20-30 % auke i storleik for 200-årsflaum frå referanseperioden 1971-2000 fram mot 2031-2061 (utsleppsscenario RCP4.5). Årsaka er ei venta auke i tal dagar med kraftig nedbør og nedbørsintensitet på Vestlandet, i sær om hausten og vinteren. Ettersom været er ein av dei viktigaste utløyingsfaktorane for skred vil klimautviklinga påverke skredfaren i framtida.

Det er dei indre delane av Hordaland som er særleg utsatt for naturfarar som flaum og skred. I perioden 2000-2015 er det Hardanger, delar av Sunnhordland, nordlege delar av Voss kommune samt Osterfjordområdet som har hatt den største tettleiken av registrerte skredhendingar.



Figur 43: Områder med størst tettleik av skredhendingar i perioden 2000-2015. Kjelde: NVE/eigne analyser

## 4.2 Klimagassutslepp og luftforureining


- **Størst utslepp frå industri**
- **Utslepp frå energiforsyning har auka mest sidan 2009**
- **Hordaland og Rogaland er fylka med størst utslepp**

### Prosessutslepp klårt største utsleppskjelde

Dei samla klimagassutslepp i Hordaland i 2013 var på 4 898 tusen tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter. Dette er ein auke på 1,1 % frå 2012 og 24 % meir enn i referanseåret 1991. Utsleppa sank til 1991-nivå i samanheng med finanskrisa i 2009, men er no vesentleg høgare enn tidlegare. Prosessutslepp frå industri og bergverk er den klårt største kjelda til utslepp og utgjorde 37 % av dei samla utsleppa i 2013. Stasjonær forbrenning frå industri og bergverk utgjorde 15 % medan energiforsyning og vegtrafikk begge utgjorde 16 % (Statistisk sentralbyrå 2014i).

### Utslepp frå energiforsyning auka mest

Den største endringa har vore på energiforsyning. Desse utsleppa er sjudobla sidan 2009 og dette har samanheng med at gasskraftverket på Mongstad blei sett i drift. Samstundes har utslepp får dieseldrivne kjøretøy auka med 30 % og prosessutslepp frå industri og bergverk auka med 25 %. Forbrenning og prosessutslepp frå olje- og gassutvinning reduserte sine utslepp med 5,6 % og 22,6 % i perioden 2009-2013.




Figur 44: Klimagassutslepp i Hordaland, etter kjelde. Kjelde: SSB Statistikkbanken




### Hordaland med størst utslepp

Ser ein på dei fylkesfordelte utsleppa ligg Hordaland på topp etterfølgt av Rogaland, Telemark og Nordland. Gjennom perioden 2009-2013 har Hordaland og Rogaland bytta plass. Dette har samanheng med at Gasskraftverket på Kårstø blei teken ut av drift medan gasskraftverket på Mongstad blei sett i drift.



Figur 45: fylkesfordelte klimagassutslepp i perioden 2009-2013. Kjelde: SSB Statistikkbanken

## Dårleg luftkvalitet i Bergen dei siste 10 åra



**Figur 46: Luftforureining i Bergen mellom 2004 og 2014. Til venstre: tal dagar med overskridelsar av svevestøvnivået. Grenseverdien er på 35 dagar medan det nasjonale målet er 7 dagar. Til høgre: overskriding av nitrogendioksid, tal timar. Kjelde: miljøstatus.no**

Vegtrafikken er ein hovudkjelde for luftforureining der eksos og asfaltstøv bidreg til dårlegare luftkvalitet. Andre kjelder er mellom anna vedfyring frå bustader og industri.

Været er ein avgjerande faktor for luftkvaliteten. Risikoen for høg luftforureining er stor i vinterperiodar med klårt vær og lite vind. Samstundes oppstår eit spesielt meteorologisk fenomen kalla *inversjon* (SNL 2009) når temperaturen stig med høgde framfor å minke, som er det normale. Ofte resulterer dette i eit stabilt lag der kald luft er fanga under eit lag med varm luft. Utan sirkulasjon vil ein få ei opphoping av forureining i dette luftlaget. Dette kan skje heile året, men er mest vanleg vinterstid når sola er låg. Følgjeleg kan dårleg luftkvalitet inntreffe mange stader i fylket forårsaka av dette.

Det er gjennomført målingar av dei norske byane som inngår i framtidens byer (Regjeringa 2014). Målingar av luftforureining i perioden 2005-2014 viser at Bergen hadde 25 dagar med overskridingar av lovleg døgnmiddelkonsentrasjon i siste periode i 2014. Byen er einaste av by-regionane i Norge som ikkje har hatt nedgang i talet på overskridingar i perioden frå 2009-2014 (Haagensen 2015).


Samstundes viste ein rapport utarbeida av meteorologisk institutt at mellom 1000 og 2000 personar blei eksponert for NO<sub>2</sub>-konsentrasjonar over det lovlege årsgjennomsnittet på 40 µ/m<sup>3</sup> i perioden 2012-2014 (Denby 2015)

### 4.3 Biologisk mangfald

- Kulturlandskapet i endring som følgje av endra bruk og drift i jordbruket
- Arealbruk og klimaendringar forverrar tilstanden for fjellområda
- Vassdraga har ein dårleg tilstand grunna sur nedbør og reguleringar
- Mindre areal er ei utfordring for villreinen
- Kvaliteten på villaksbestanden blant dei dårlegaste i landet
- Høg forureining i sentrale fjordstrøk

**Naturindeks** er eit verktøy for å måle tilstanden og utviklinga for ni økosystem i Norge. Den er samansett av 301 indikatorar. Desse representerer i all hovudsak artar eller bestandar av ulike artar som er målt mot ein referansetilstand der biologisk mangfald er intakt. Regioninndelinga gjer det mulig å kunne seie noko om tilstanden for desse økosystema i Hordaland.

#### Endra jordbruksdrift endrar kulturlandskapet




Figur 47: Tilstandsverdi for økosystema opent lågland og våtmark i Vestland fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Kjelde: [Naturindeks.no/miljødirektoratet](http://naturindeks.no/miljødirektoratet).

*Opent lågland* kan seiast å vere eit økosystem forma av bruk og er definert som eit opent landareal under skoggrensa. Dette er utvikla gjennom lang tids beite, slått, svie eller rydning som følgje av ekstensiv jordbruksdrift. Dette kulturlandskapet har som følgje av drifts- og arealbruksendringar i jordbruket vore i endring over lengre tid. Ein ser no meir intensive driftsformar og meir bruk av kunstgjødsel. Opphør av skjøtsel som slått og beitedrift har ført til gjengroing som trugar det biologiske mangfaldet i dette økosystemet (Miljødirektoratet 2015).

#### Tørrlegging og nye bustadområdar truer våtmarksområda

*Våtmark* er mark metta av vatn, periodisk eller permanent. Det er menneskelege inngrep i desse landskapsformane som er den største trusselen for dette økosystemet. Tørrlegging i forbindelse med omlegging til jordbruksland, nye bustadområdar, golfbanar og uttak av torv er dei mest vanlege årsakene til tap av denne landskapstypen (Miljødirektoratet 2015).





Figur 48: Tilstandsverdien for økosystema skog og fjell i Vestland fylka Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Kjelde: Naturindeks.no/miljødirektoratet.


### Generell låg tilstandsverdi for skogområda

Tilstandsverdien for *skog* viser låge verdiar for heile landet. I hovudsak skuldast dette dels lauvsuksesjon<sup>21</sup> og utvikling i rovdyrbestanden og insekt. Det som førar til den svake auken ein ser frå 1990 til 2015 er i hovudsak auke i hjortebestanden, auke i mengda død ved og hønsefuglar som hønsehauk og fjellvåk. Låge tilstandsverdiar for gaupe, elg og hønsefuglar bidreg til at Vestlandet kjem relativt sett dårlegare ut enn resten av Norge (Miljødirektoratet 2015).

### Arealbruk- og klimaendringar utfordrar fjellområda

Tilstandsverdien for økosystemet *fjell* auka frå 2000 til 2010, men går no tilbake. Dei seinaste 100 åra har særleg arealbruksendringar som følgje av mindre setring og auka turisme, utbyggingar av ulik infrastruktur, jakt og fiske samt forureining og global oppvarming med påfølgjande klimaendringar påverka negativt. Klimaendringar vil påverke vegetasjonsgrensene og presse artar tilpassa fjellområda. Eit anna problem kan vere forskyving av tidspunkt for snøsmelting som igjen påverkar lengda på vekstsesongen. Endra snøforhold eller auka frekvens av mildværepisodar råkar smågnagarar som igjen får følgjer for resten av næringskjeda, deriblant rype, villrein, rev og andre rovdyr (Miljødirektoratet, 2015).

<sup>21</sup> Suksesjon er endringar i artssamansetning over tid



Figur 49: Tilstandsverdien for økosystema ferskvann og pelagisk kystvann i Vestland fylke Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Kjelde: Naturindeks.no/miljødirektoratet.

### Sur nedbør og reguleringar svekkjer vassdraga

*Ferskvann* er eit økosystem som har ein jamt over god tilstand i Norge. Vestlandet har ein noko dårlegare tilstand enn landet elles og dette kan ha si årsak i langtransportert luftforureining i form av sur nedbør og vassdragsreguleringar som har forverra den økologiske tilstanden for mange vassdrag (Miljødirektoratet 2015).

*Pelagisk kystvann* har hatt ein positiv tilstandsutvikling sidan 1990. Dette skuldast vekst i planteplankton som fungerer som eit grunnlag for vekst av andre dyreartar. Årsaka til nedgangen frå 2010 til 2015 skuldast nedgang i Tobisbestand samt at det har vore nedgang i kystbestand av sild (Miljødirektoratet 2015).

### Mindre areal ein utfordring for villreinen

Noreg er det einaste landet i Europa som har restar av den opphavlege ville fjellreinen (Fylkesmannen i Hordaland 2015d). Hardangervidda er det viktigaste området og delar av denne nasjonalparken ligg i Hordaland.

Utfordringane for villreinen er i sær knytt til mindre leveområder som følgje av utbygging av infrastruktur og hytter. Ettersom næring som lav og mose veks seint tek det lang tid å byggje opp at og konsekvensane kan vere næringsmangel for dyra.

Det er venta at klimaendringane vil påverke reinen negativt då skoggrensa kan krype oppover og soleis redusere arealet av fjellvidder.

## Kvaliteten på villaksen blant dei dårlegaste i landet

Tabell 6: Kvalitetsnorm for Villaks i Hordaland, 2010-2014. Kjelde: (Anon., 2016)

Vassdrag	Kvalitetsnorm
Etne	Svært dårlig
Rosendal	Svært dårlig
Kinso	Svært dårlig
Eio	Svært dårlig
Granvin	Svært dårlig
Steinsdal	Svært dårlig
Oselva	Moderat
Lone	Dårlig
Storelva	Moderat
Daleelva	Svært dårlig
Vosso	Svært dårlig

God: ingen genetiske endringar observert
Moderat: svake genetiske endringar indikert
Dårlig: moderate genetiske endringar er påvist
Svært dårlig: store genetiske endringar er påvist

Kvaliteten på villaksbestandene i Norge er generelt dårleg. Av 104 bestandar målt i perioden 2010-2014 er det berre 23 som hadde god eller svært god kvalitet (Forseth og Thorstad 2016). Kvalitetsnormen forhold seg til to delmål, genetisk integritet og gytebestandmål/høstingspotensiale. Ein bestand kan altså falle utanfor målet om god kvalitet ved at den genetiske integriteten er god nok, men gytebestandmål og høstingspotensiale er for dårleg, eller motsatt.

Eit fleirtal av bestandene på landsbasis som ikkje nådde målet hadde for dårleg genetisk integritet, men vel så mange bestander klarte ikkje kravet fordi begge delmåla ikkje var nådd.

Hordaland er blant fylke som kjem dårlegast ut saman med Sør-Trøndelag og Troms. Her nådde ingen av bestandane opp til kvalitetsnormen sitt mål om god kvalitet. For delmålet genetisk integritet var Hordaland blant dei dårlegaste fylka og ingen vassdrag nådde kravet om god kvalitet, men for delmålet gytebestandmål/høstingspotensiale var det fleire vassdrag som nådde god kvalitet.

Berekning av **gytebestandmålet** gjerast ved at gytebestanden (dvs kg hunner) reknast ut frå kriterier som totalfangst, beskatningsrate (del laks om vandrar opp i vassdraget og blir fanga), del hunner og variasjon i storleik i bestanden. Gytebestanden vil så bli samanlikna med *gytebestandmålet* (dette er gjerne egg per kvadratmeter). Om ein bestand når gytebestandmålet vurderast både ved sannsyn og prosentvis måløppning. Det sistnemnte er det som gjeld i kvalitetsnormen.


**Høstingspotensiale** eller høstbart overskot i ein bestand er innsiget til elvane før beskatning(fangst i sjø og elver) minus gytebestandmålet.

**Genetisk integritet** er grad av innkryssing mellom villaks og oppdrettslaks. Kjelde: Forseth og Thorstad 2016


### Elvene i dårleg forfatning

Vassførekomstane i Hordaland har stort sett god vasskvalitet, men elvane har ein høgare prosent som er i dårleg forfatning. Om lag 9 % av innsjøane er i svært god medan berre 1,3 % av elvane har same tilstand.

Fjordar eller andre områdar med dårleg vassutskifting er sårbare for utslepp frå industri og tett busetnad. 18 prosent av vassførekomstane er regne for å vere sterkt påverka av menneskeleg aktivitet (Fylkesmannen i Hordaland 2015a). Dei viktigaste kjeldene til påverknad av vassdraga er sur nedbør, forureining, vasskraftutbygging, utslepp frå landbruk og kloakk samt angrep av lakselus og rømt fisk frå oppdrettsverksemd.




Figur 50: Økologisk status for innsjøar i Hordaland. Kjelde: miljøstatus.no



Figur 51: Økologisk status for elver i Hordaland. Kjelde: miljøstatus.no

## Høg forureining i sentrale fjordstrøk




Figur 52: Kartet viser områder underlagt kostholdsråd i Hordaland. Kjelde: Miljødirektoratet/Geonorge

I Hordaland er ein del hamner og fjordar underlagt kostholdsråd. Dette gjeld i sær Hardangerfjorden, Sørfjorden, Byfjorden, Grimstadfjorden, Haakonsvern og Fedje. For meir detaljerte råd sjå: [matportalen.no](http://matportalen.no)

#### 4.4 Arealforvaltning


- Fjellområda sett premissane for arealforvaltninga
- Ein tredel av strandsona er utbygd
- Redusert tettheit i sentrum
- Arealet av omdisponert landbruksjord er redusert



Figur 53: Arealbruk i Hordaland, 2014. Kjelde: Miljøstatus.no

Nesten to tredeler av arealet i Hordaland er fjellområder. Forutan dei åtte prosentane som utgjer ferskvatn er den siste tredelen av arealet eller over 5000 km<sup>2</sup> fordelt mellom skogsområder, jordbruk, våtmark og bebygd areal.


#### Ein tredel av strandona utbygd



Figur 54: Del påverka strandsonareal (bygg, infrastruktur, jernbane, vei, dyrka mark).


I Hordaland er 36 % av strandsona utbygd (per 2014). Det vil seie at 64 % av strandsonaarealet er potensielt tilgjengeleg, men berre 16 % er under 10 gradar helling. Til samanlikning er ein mykje større del av strandsona utbygd i andre fylker.

Bygningsaktiviteten i strandsona er generelt høg i Hordaland samanlikna med landet elles (Statistisk sentralbyrå 2014b), og dette må sjåast i samanheng med det totale strandsonaarealet i fylket. Til dømes har Hordaland nesten 30 gongar så stort strandsonaareal som Akershus. Etter eit toppår i 2009 har bygningsaktiviteten i fylket gått ned frå over 1000 bygg i strandsona til under 800 i 2014. Det er fleire fylker som viser ein liknande trend.



Figur 55: Bygg i strandsona, 2008-2013. Kjelde: SSB Statistikkbanken

## Nedgang i sentrumstettleiken blant busette og tilsette




**Figur 56: Areal av sentrumssone samt tilsette og busette i sentrumssone. Definisjonen av sentrumssone blei endra i 2014 og tok inn fleire kjelder i vurderinga av kva som er sentrumssone. Difor er det eit brot i statistikken frå 2014. Kjelde: SSB Statistikkbanken.**

Tilsette og busette i sentrumssoner auka frå 2005-2010 (Statistisk sentralbyrå 2014h), men sidan har tal busette gått ned medan tilsette har auka. I Hordaland er det over dobbelt så mange tilsette som busette i sentrumssoner. Arealet av sentrumssone auka med 11 % frå 2014 til 2015 medan tilsette og busette auka tilsvarande med 4,5 og 5,3 % i same periode. Dermed har tettleiken blant busette gått ned frå 6320/km<sup>2</sup> i 2014 til 6019/km<sup>2</sup> i 2015. Tilsvarande er tala for tilsette 19 290/km<sup>2</sup> i 2014 til 18 225/km<sup>2</sup> i 2015.



## Auke i tettbygde strøk




Figur 57: Del busette i tettbygde strøk og endringa i prosent i perioden 2005-2015. Kjelde: [SSB Statistikkbanken \(tal på kommunenivå\)](#)

Over 80 % av befolkninga i Hordaland bur i tettbygde strøk. Dei fleste kommunane har hatt vekst i prosentdelen busette i tettbygde strøk gjennom i perioden 2005-2015 (Statistisk sentralbyrå 2014a). Øygarden og Jondal har hatt størst endring, truleg som følgje av at fleire av bustadområda no er rekna som tettstader etter SSB sin definisjon. I 2005 hadde begge desse kommunane 100 % busette i spreitt bygde strøk. Størst nedgang i del busette i tettbygde strøk var i Ulvik etterfølgd av Eidfjord, Austrheim og Odda. Av desse er det Odda som har høgast del busett i tettbygde strøk.

Ei samling hus er å rekna som ein **tettstad** etter SSB sin definisjon dersom avstanden mellom husa ikkje overstig 50 m og at det bur minst 200 personar der. Avstanden på 50 m godtas der hus grensar opp til areal som ikkje kan byggast på t.d. parkar, elvar, industriområder eller andre naturlege hindringar. I tillegg er husklyngjer som naturleg høyrer saman med tettstaden teke med dersom desse ligg inntil 400 m frå sentrum i tettstaden.

For bustadblokker, industribygg, varehus og offentlege bygg er kravet om avstand til neste bygg 200 m.

**Tettbygde strøk** er alt areal innafor områder som er klassifisert etter denne definisjonen medan **spreiddbygde strøk** er alt areal utanfor. Kjelde: SSB


**Mindre areal blir omdisponert**

**Figur 58: Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til andre føremål enn landbruk. Kjelde: SSB Statistikkbanken**

Omdisponeringa av landbruksjord har gått noko ned gjennom den siste tiårsperioden. På midten av 2000-talet låg den gjennomsnittlege avgangen på nærare 1000 dekar. Dei seinare åra har omdisponeringa gått ned til i underkant av 700 dekar årleg. Til dømes var omdisponeringa i 2014 36 % lågare enn i 2010 og 43 % lågare enn i 2003 (Statistisk sentralbyrå 2014e).

## 4.5 Naturressursar

- Lite sand og grus til byggjeføremål i Hordaland
- Sand, grus og pukkk er tungt å frakte
- Det er få attverande vasskraftressursar
- Hordaland har høgast tettleik av oppdrettsanlegg i landet




Figur 59: Volum av Norges grusressursar fylkesvis etter arealbruk. Kjelde NGU

### Stor byggeaktivitet – lite sand og grus

Forbruket av byggjeråstoffa sand, grus og pukkk i landet er på Ca 12 tonn per innbyggjar per år. Frå statleg hald er det føresett at fylkeskommunane og kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff skal setjast i ein regional samanheng (Kommunal- og moderniseringsdepartementet 2015a).


Hordaland er eitt av dei minste sand- og grusfylka i landet (Fig. 59), men byggeaktiviteten er stor, særleg i Bergensområdet. Ressursrekneskap i 2015 (Libech 2014) viser at fylket er netto importør av sand og grus, og nettoeksportør av pukkk frå fjell. Nye infrastrukturprosjekt i fylket, særleg i Bergensregionen har generert, og kan kome til å generere, store overskotsmassar av stein frå tunnelbygging m.m. Det er ønskjeleg med ei betre utnytting av slike overskotsmassar, og i forskingsprosjektet "Kortreist stein" 2016-2019 skal ein søkje å finne fram til betre utnytting av slike massar, med Hordaland/Bergensområdet som case. Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune er med som prosjektpartnerar.



Figur 60: Materialstraumar for grus i Hordaland. Kjelde: NGU

### Sand, grus og pukk er tungt å frakte

For å frakte desse råstoffa til vidare foredling eller bruk er transporten langs veg eller med båt. 66 % av grustransporten var langs veg medan 34 % var med båt. Den årlege snittlengda i 2014 var 11 km langs veg og 40 km med båt. Pukk hadde ein liknande fordeling med 60 % langs veg og 40 % med båt. Her var snittlengda 17 km langs veg og 81 km med båt (Direktoratet for mineralforvaltning 2015).




Figur 61: Materialstraumar for pukk i Hordaland. (Eksport til utlandet er utelatt). Kjelde: NGU

### Press på attverande vasskraftressursar


Hordaland har eit stort potensiale for vasskraft (Fylkesmannen i Hordaland 2015c). Kombinasjonen av nedbørsrike områder og terreng med stor fallhøgde som gjev energi til vassmengda bidreg til at det er gode tilhøve for å produsere elektrisk kraft. Samstundes kan naturverdiar gå tapt om ein vel å byggje ut nye områder. Dette kan være trua artar, landskapet i seg sjølve, villreinområder, gyteområder for laks og aure eller moglegheita til å drive friluftsliv.

Ettersom nærare 60 % av vasskraftpotensiale allereie er utbygd og nærare 30 % er verna, vil dette leggje press på dei attverande ressursane. Det er til dømes allereie ei satsing på fornybar energi og ein har økonomiske ordningar som skal auke interessa for å byggje ut små og mellomstore vassdrag.



Figur 62: Vassdragspotensiale for Hordaland 2015. Kjelde: NVE

## Akvakultur – utfordringar for ei næring i vekst



**Figur 63: Produksjon og verdi av laks og aure i Hordaland for perioden 1995-2014. Kjelde: Statistikk.igest.no/Fiskeridirektoratet**

Sidan 1995 har det vore ei dobling av produksjon av laks og aure i Hordaland (Statistikk.igest og Fiskeridirektoratet 2014). Det ble produsert over 200 000 tonn i 2014 og fylket ligg dermed på andre plass etter Nordland blant fylka kva gjeld produksjon av desse fiskeartene. Den totale omsetninga har gått frå om lag 1,5 milliardar i 1995 til nærare 7 milliardar kroner i 2014.


Hordaland er det fylket i landet med høgast tettheit av oppdrettsanlegg sett i høve sjøareal (Fylkesmannen i Hordaland 2015b). Det produserast over 40 tonn per kvadratkilometer og dette er nesten dobbelt så mykje som neste fylke på lista.

Samstundes har laksestammene og sjøaure hatt tilbakegang i fylket og noko av dette kan skuldast problematikken knytt til rømt oppdrettslaks med bærare av sjukdommar som lakselus. Eit anna problem er at rømt fisk parar seg med villfisk noko som kan svekkje den opphavlege laksestamma.

Medikamentbruk er og ei miljøutfordring då bruken av mellom anna hydrogenperoksid har auka dei seinare åra. Her veit ein førebels lite om konsekvensane dette har på naturmiljøet.

## 4.6 Kulturminne


- 16 % av freda bygg i dårleg stand
- Arkeologiske kulturminner krev skjøtseltiltak
- Nasjonalt mål å redusere tapet av kulturminner




Figur 64: Fordeling av freda kulturminner etter type i Hordaland 2013/14. Kjelde: miljøstatus.no

### Over ein tredel av freda bygningar i Hordaland krev vedlikehald

16 % av bygningar (enkeltminner) registrert i Askeladden-databasen per 11.02.16 er i dårleg tilstand og krev meir omfattande vedlikehald, 19 % krev mindre tiltak. Dette er noko lågare enn landet elles. Eit fleirtal av bygga er anten i god stand (32 %) eller manglar informasjon om tilstandsgrad (32 %).



Figur 65: Tilstandsgrad for bygningar i Hordaland (enkeltminner). Kjelde: Askeladden




**Figur 66: Tilstand for arkeologiske kulturminner i Hordaland. Kjelde: Askeladden**

### Viktig med god skjøtsel av arkeologiske kulturminner

Tilstanden på arkeologiske kulturminner i Hordaland viser at mange enkeltminner krev tiltak utover normal skjøtsel. Ca 20 prosent av kulturminna krev normal skjøtsel medan over 30 % har eit moderat til betydeleg behov for skjøtsel. Det kan vere snakk om skadar og liknande. Samstundes manglar det informasjon om tilstand hos eit fleirtal av dei registrerte kulturminna. Forøvrig er det og eit visst etterslep kva gjeld registreringer i Askeladden-databasen.

### Variasjon mellom kommunane når det gjeld tap av kulturminner




**Figur 67: Prosentvis tap av SEFRAK-registrerte kulturminne i kommunane frå registreringsdato og fram til desember 2012. (akkumulerte tal) Kjelde: Askeladden/kulturavdelinga Hordaland fylkeskommune**

Det er eit nasjonalt mål at det gjennomsnittlege årlege tapet av verneverdige kulturminner ikkje overstig 0,5 % årleg innan 2020 (Riksantikvaren 2016). Eit overvakingsprosjekt som involverer 18




kommunar på landsbasis er satt i gang for å finne ut korleis ein best kan måle dette gjennom ein femårsperiode. Samnanger og Bømlo er valt ut frå Hordaland. Den gjennomsnittlege tapsprosenten i Samnanger var høvesvis 1,2 og 1,3 %, noko som er høgare enn den anbefalte nasjonale målsettinga på 0,5 %. Årsakene til tap av kulturminner er samansett og den førebelse statistikken frå Bømlo viser at det kan variere år for år kva som er skuld i tapet.



**Figur 68: Årsak til tap av kulturminner i Bømlo kommune i 2003, 2008 og 2013. Kjelde: miljøstatus.no**

## 4.7 Friluftsliv

- Gode tilhøve for friluftsliv i fylket



Figur 69: Trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng. Kjelde: SSB

### Fleirtalet har god tilgang til natur- og friluftsområder

I Hordaland er det mykje natur, både samanhengande friluftsområde og grønne lunges. I dei indre delane av fylket er det store samanhengande friluftsområde, medan det langs kysten, der det er meir busetnad, er ein større oppsplitting i friluftsområda (Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune 2008) I Bergensregionen er det rekna ut at 57% av befolkninga bur mindre enn 500 m frå større samanhengande friluftsområde (Asplan Viak 2014).

Det er særleg tilkomst til dei grønne areala som set premissar for aktivitet og bruk. Tal frå 2013 (Statistisk sentralbyrå 2013a) syner at 59 prosent av innbyggjarane i Hordaland har trygg tilkomst til rekreasjonsareal, medan 57 prosent har trygg tilkomst til nærturterreng.

## 5 Kjelder

- Asplan Viak. 2014. «Rapport temaområde nr. 4 - leveranse regional, areal og transportplan.» <http://www.hfk.no/>.
- Denby, Bruce. 2015. «Mapping og NO2 concentrations in Bergen (2012-2014)». Meteorologisk institutt. <http://met.no/>.
- Direktoratet for mineralforvaltning. 2015. «Mineralstatistikk i Norge - mineralstatistikk og bergindustriberetning». 1. <http://www.dirmin.no/>.
- Folkehelseinstituttet. 2013. «Vedvarande låginntekt». *Kommunehelsa statistikkbank*. <http://www.norgesghesla.no/>.
- Forseth, Torbjørn, og Eva B. Thorstad. 2016. «Klassifisering av 104 laksebestander etter kvalitetsnorm for villaks. Temarapport nr. 4». NINA. <http://www.nina.no/>.
- Fylkesmannen i Hordaland. 2015a. «Kyst og vassdrag». <http://fylker.miljostatus.no/Hordaland/Tema-A-A/Vatn/>.
- . 2015b. «Oppdrett». *Miljøstatus i Hordaland*. <http://fylker.miljostatus.no/Hordaland/Tema-A-A/Vatn/Oppdrett/>.
- . 2015c. «Vassdragsutbygging». *Miljøstatus i Hordaland*. <http://fylker.miljostatus.no/Hordaland/Tema-A-A/Vatn/Vassdragsutbygging/>.
- . 2015d. «Villrein». *Miljøstatus i Hordaland*. <http://fylker.miljostatus.no/Hordaland/Tema-A-A/Dyr-og-planter/Dyr/Villrein/>.
- Fylkesmannen i Hordaland, og Hordaland fylkeskommune. 2008. «Område for friluftsliv - Kartlegging og verdsetting av regionalt viktige område i Hordaland». <http://www.hordaland.no/>.
- Hansen, Lasse Kolbjørn Anke. 2014. «Kommuneprofilar - befolkning, sysselsetting og kompetanse». AUD-rapport nr. 6. Hordaland fylkeskommune. <http://www.hordaland.no/>.
- Hanssen-Bauer, I, E.J. Førland, I. Haddeland, H. Hisdal, S. Mayer, A. Nesje, J.E.Ø. Nilsen, mfl. 2015. «Klima i Norge 2100 - Kunnskapsgrunnlag for klimatilpasning». 2. Norsk klimaservicesenter (NCCS). <https://cms.met.no/>.
- Hordaland fylkeskommune. 2015. «Hordaland i tal nr. 2 - Næring, innovasjon og kompetanse». <http://www.hordaland.no/>.
- . 2016a. «Fylkesprognose for Hordaland 2014-2040 - Befolkning». 1.1. <http://www.hordaland.no/>.
- . 2016b. «Fylkesprognose for Hordaland 2014-2040 - Bustad». 1.2. <http://www.hordaland.no/>.
- Hordaland politidistrikt. 2013. «Omtalte resultat». <https://www.politi.no/>.
- Haagensen, Trine. 2015. «Byer og miljø - indikatorer for miljøutviklingen i 'framtidens byer'». Statistisk sentralbyrå. <https://www.ssb.no/>.
- IMDI. 2016. «Integreringen i Hordaland fylke - Tall og statistikk over integreringen i fylke». <http://www.imdi.no/tall-og-statistikk/>.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. 2015a. «Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging - Vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015». <https://www.regjeringen.no/>.
- . 2015b. «Rapport frå det tekniske beregningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi». <https://www.regjeringen.no/>.
- KOSTRA/SSB. 2015a. «Tabell 04692: K. Kultur - nivå 3». <https://www.ssb.no/>.
- . 2015b. «Tabell 09539: Museum og samlingar. Besøk, etter type besøk.» <https://www.ssb.no/>.
- Langsholt, Elin, Lars Andreas Roald, Erik Holmqvist, og Anne Fleig. 2015. «Flommen på Vestlandet oktober 2014». NVE. <http://publikasjoner.nve.no/>.
- Libech, Lars Rolstad. 2014. «Ressursrekneskap for grus og sand i Hordaland». NGU. <http://www.ngu.no/>.
- Ludvigsen, Stian Skår, og Martin Tvedt. 2015. «Olje- og gassklynga i Hordaland: produksjon og ringverknader». AUD-rapport nr. 1. Hordaland fylkeskommune. <http://www.hordaland.no/>.

- Miljødirektoratet. 2015. «Naturindeks for Norge 2015 - Tilstand og utvikling for biologisk mangfold». M - 441. Miljødirektoratet. <http://www.miljodirektoratet.no/>.
- NAV. 2016. «Arbeidsmarknadstatistikk i Hordaland, oktober 2015». <https://www.nav.no/no/Lokalt/Hordaland/>.
- NAV. 2015a. «Sjukefråvær, statistikk». <https://www.nav.no/>.
- . 2015b. «Uføretrygd, statistikk». <https://www.nav.no/>.
- NIFU. 2013. «Kostnader til FoU, etter fylke og sektor». *FoU-Statistikkbanken*. <http://foustatistikkbanken.nifu.no/>.
- Regjeringa. 2014. «Framtidens byer». <https://www.regjeringen.no/>.
- . 2015. «Uføretrygd». <https://www.regjeringen.no/>.
- Riksantikvaren. 2016. «Overvåkingsprogrammer». <http://www.riksantikvaren.no/>.
- Simpson, M.J.R.; Nilsen, J.E.Ø; Ravndal, O.R.; Breili, K.; Sande, H.; Kierulf, H.P.; Steffen, H.; Jansen, E.; Carson, M.; og Vestøl O. 2015. «Sea Level Change for Norway - Past and Present Observations and Projections to 2100». Norsk klimaservicesenter (NCCS). <http://www.miljodirektoratet.no/>.
- Skoleporten/Udir. 2016. «Gjennomføring». <https://skoleporten.udir.no/>.
- SNL. 2009. «Inversjon (meteorologi)». <https://snl.no/>.
- Statens Kartverk. 2015. «Fremtidig havnivå langs norskekysten». <http://www.kartverket.no/>.
- Statistikk.igest. 2014. «Pendlingsmatrise 2000-2014, tabell 03321 i SSB Statistikkbanken». <http://statistikk.igest.no/>.
- . 2015a. «Omsetning i varehandelen». <http://statistikk.igest.no/>.
- . 2015b. «Omstillingsindikatorar: ein-sidig næringsstruktur». <http://statistikk.igest.no/>.
- . 2015c. «Omstillingsindikatorar: konkuransenutsett næringsliv». <http://statistikk.igest.no/>.
- Statistikk.igest, og Business Region Bergen. 2012. «Utvalde næringar, nøkkeltal». <http://statistikk.igest.no/>.
- Statistikk.igest, og Fiskeridirektoratet. 2014. «Oppdrett av laks/aure». <http://statistikk.igest.no/>.
- Statistikk.igest, og KOSTRA/SSB. 2014. «Barnehagedekning». <http://statistikk.igest.no/>.
- Statistikk.igest, og Statistisk sentralbyrå. 2013. «Prosent barn i låginntektshushald». <http://statistikk.igest.no/>.
- Statistisk sentralbyrå. 2013a. «Tabell 09579: Andel bosatte i tettsteder med trygg tilgang til rekreasjonsareal og nærturterreng, etter alder (prosent)». <https://www.ssb.no/>.
- . 2013b. «Tabell 10498: Utviklingen i vedvarende lavinntekt, etter alder, treårsperiode». <https://www.ssb.no/>.
- . 2014a. «Tabell 05212: Folkemengde, etter kjønn og tettbygd/spredtbygd strøk». <https://www.ssb.no/>.
- . 2014b. «Tabell 06505: Bygninger i strandsona, etter bygningstype». <https://www.ssb.no/>.
- . 2014c. «Tabell 06946: Inntekt etter skatt, etter husholdningstype. Antall husholdninger og median». <https://www.ssb.no/>.
- . 2014d. «Tabell 07137: Husholdninger, etter størrelse på inntekt etter skatt». <https://www.ssb.no/>.
- . 2014e. «Tabell 07903: Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til andre formål enn landbruk». <https://www.ssb.no/>.
- . 2014f. «Tabell 07984: Sysselsatte per 4. kvartal, etter bosted, arbeidssted, kjønn, alder og næring (17 grupper, SN2007)». <https://www.ssb.no/>.
- . 2014g. «Tabell 08484: Lovbrudd anmeldt, etter lovbruddskategori, lovbruddsgruppe og type lovbrudd. Absolutte tall og per 1 000 innbyggere». <https://www.ssb.no/>.
- . 2014h. «Tabell 09281: Sentrumssoner». <https://www.ssb.no/>.
- . 2014i. «Tabell 10608: Klimagasser, etter kilde og komponent». <https://www.ssb.no/>.
- . 2015a. «Tabell 03158: Eksisterende bygningsmasse. Alle bygg, etter bygningstype». <https://www.ssb.no/>.

- . 2015b. «Tabell 07110: Innvandrere, etter landbakgrunn (verdensdel) og kjønn». <https://www.ssb.no/>.
  - . 2015c. «Tabell 07285: Sysselsatte innvandrere 15-74 år, etter kjønn, bosted og landbakgrunn». <https://www.ssb.no/>.
  - . 2015d. «Tabell 08817: Fastlandseksport, etter produksjonsfylke og varegruppe (SITC-basert) (mill. kr)». <https://www.ssb.no/>.
  - . 2015e. «Tabell 08921: Personer 16 år og over, etter kjønn, alder og utdanningsnivå». <https://www.ssb.no/>.
  - . 2015f. «Tabell 10539: Registrerte arbeidsledige 15-74 år, etter alder». <https://www.ssb.no/>.
  - . 2015g. «Tabell 11021: Registrerte arbeidsledige 15-74 år, etter utdanning». <https://www.ssb.no/>.
- Utdanningsdirektoratet. 2015. «Søkere til læreplass og godkjente kontrakter 2015». <http://www.udir.no/>.
- Utlendingsdirektoratet. 2016. «Beboere i asylmottak etter fylke og måned». <https://www.udi.no/>.



*Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.*